

Oppdragsgiver
Øygarden kommune

Rapporttype
Planrapport

2012-10-05

KOMMUNEDELPLAN RONGØY

PLANRAPPORT MED KONSEKVENSGREIING



Oppdragsnr.: 5080217
 Oppdragsnavn: Kommunedelplan Rongøy med konsekvensutgreiing
 Dokument nr.: 1
 Filnavn: Planrapport med KU_KDP Rongøy_05-10-2012.docx

Dato	2012-10-05			
Utarbeida av	BKA, HST			
Kontrollert av	HBR			
Godkjent av	TKL			
Beskrivelse				

Revisjonsoversikt etter innlevering av planforslag 07-09-2012

Revisjon	Dato	Revisjonen gjelder
1	01-10-2012	Justeringar av tekst som følgje av føringar gitt i planutvalsmøte 11-09-2012 om vegløyising over Rongøy, samt bustadbygging til sjø i sentrumsområdet: <ul style="list-style-type: none"> • Kap. 5.3.1, 5.3.2, 5.5, 6.4.1, 7.3.2
2	05-10-2012	Justeringar av tekst som følgje av føringar gitt i planutvalsmøte 11-09-2012 om utbyggingsform utanom sentrumsområdet og lokalisering av gjestehamn: <ul style="list-style-type: none"> • Kap. 5.2.1, 7.1.3, 9.4

INNHALD

DEL 1 PLANOMTALE.....	6
1. BAKGRUNN OG FØREMÅL	6
1.1 Bakgrunn og føremål med planarbeidet.....	6
1.2 Planavgrensing	7
1.3 Organisering og planprosess.....	8
1.4 Medverknad	8
2. OVERORDNA PLANAR OG FØRINGAR.....	9
2.1 Statlege og regionale føringar.....	9
2.2 Kommuneplanens arealdel 2006-2014	9
2.2.1 Mål for arealbruk og bustadbygging.....	9
2.2.2 Strategi for arealbruk og bustadbygging	9
2.2.3 Mål for miljøvern, kulturvern og naturressursar.....	10
2.2.4 Strategi for miljøvern, kulturvern og naturressursar	10
3. RESULTAT FRÅ MEDVERKNADSPROSESSAR.....	12
3.1 Oppsummering Sentrumsdialogen.....	12
3.2 Utdrag Barnetråkk.....	13
3.3 Oppsummering idedugnad for Tettstadanalyse for Rong sentrum	14
3.4 Oppsummering merknader til oppstart.....	17
3.4.1 Uttalar frå offentlege instansar	17
3.5 Merknader frå private	18
4. DAGENS SITUASJON.....	21
4.1 Strandsona.....	21
4.1.1 Naturkvalitetar nær sjøen	21
4.1.2 Bruk av strandsona	22
4.2 Hovudvegen over Rongøy.....	24
5. OMTALE AV PLANFORSLAGET	25
5.1 Strategi for utbygging og vern	26
5.2 Nye utbyggingsområde	27
5.2.1 Bustader	27
5.2.2 Sentrumsformål - Rong sentrum	27
5.2.3 Offentleg tenesteyting	29
5.2.4 Næring	29
5.2.5 Naust	30
5.2.6 Småbåthamn.....	30
5.3 Samferdsel.....	30
5.3.1 Fylkesveg 561	30
5.3.2 Gang/sykkelvegar	31
5.3.3 Hamneområde	31
5.4 Grøntstruktur og LNFR.....	31
5.5 Strandsona og sjøen.....	32

5.6	Omsynssoner.....	32
DEL 2 KONSEKVENSTUTGREIING		34
6.	BAKGRUNN.....	34
6.1	Planprogram.....	34
6.2	Metode	34
6.3	Alternative forslag.....	36
6.4	Alternative utgreiingar	36
6.4.1	Vegløysing Fv 561 over Rongøy	36
6.4.2	Naust og småbåtanlegg Breivika	36
6.4.3	Gjestehamn Rong sentrum	37
7.	UTGREIINGSTEMA.....	38
7.1	Miljø.....	38
7.1.1	Biologisk mangfald	38
7.1.2	Landskapsbilete	42
7.1.3	Strandsona.....	47
7.1.4	Kulturmiljø.....	51
7.2	Naturressursar.....	56
7.2.1	Landbruk	56
7.2.2	Marine ressursar	58
7.3	Samfunn.....	60
7.3.1	Friluftsliv.....	60
7.3.2	Trafikk og veg	63
7.3.3	Barn, unge, funksjonshemma og eldre.....	69
8.	SAMANSTILLING AV KONSEKVEN SAR	72
8.1	Oversyn konsekvensar.....	72
8.2	Positive konsekvensar.....	73
8.3	Negative konsekvensar	73
9.	TILRÅDING	74
9.1	Avbøtande tiltak og tilpassing	74
9.2	Vegløysing Fv 561 over Rongøy	74
9.3	Naust og småbåtanlegg Breivika	74
9.4	Gjestehamn Rong sentrum.....	74
9.5	Fleirbrukshall Rong sentrum	75

VEDLEGG

Sentrumsdialog Rong
ROS-analyse

DEL 1 PLANOMTALE

1. BAKGRUNN OG FØREMÅL

1.1 Bakgrunn og føremål med planarbeidet

I kommuneplanen for 2006-2014 vart det vedteke at Rong skulle vere kommunesenteret i Øygarden. Rong har allereie mange av dei funksjonane og tilboda som eit kommunesenter bør ha, men det er ynskjeleg å vidareutvikle og styrke Rong som kommunesenter og tettstad.


Det er stort utbyggingspress på Rongøy. Fortetting nær kommunesenteret kan redusere det totale transportbehovet, og er i tråd med nasjonale retningslinjer for areal og transportplanlegging. Kommunen ynskjer å legge til rette for meir utbygging på Rongøy, men dette må skje på ein styrt måte. Kommunedelplanen skal avklare kor nye utbyggingsområde skal leggast og kor andre omsyn må telja meir, som t. d. landskapsvern, friluftsliv og kulturvern.

Planprogrammet for kommunedelplanen fastsette mellom anna desse måla for arbeidet:

- Vurdera trafikksikringstiltak i samband med riksvegen, sett i samanheng med styrking og vidareutvikling av kommunesenteret og tettstaden Rong og ny utbygging på Rongøy. Legge til rette for trafikksikker kryssing av riksvegen.
- Planen skal sikre at byggeskikk og estetikk vert ivareteke på ein heilskapleg måte. Dette handlar ikkje berre om utforming av det einskilte byggetiltak, men like mykje om samanhengar mellom ulike tiltak og om plassering og forhold til landskap og terreng.
- Vurdere om det er behov for og ønskeleg å sette av meir næringsareal på Rongøy, kva type næring som kan lokaliserast her og evt. kor dette bør ligge. Kontor- og forretning bør leggast til Rong sentrum.
- Planen skal avklare forholdet mellom næring, miljøvern- og friluftsinnteresser og andre brukarinteresser i strandsona. Det er stor etterspurnad etter areal til småbåthamn, og det er også behov for gjestehamn. Planen bør finne areal til dette.
- Det er eit mål å redusere energibruk og forureining. Ein vesentleg del av dette kjem frå transportarbeid. Tilrettelegging av gang/sykkelveggar er viktig. Bustadfortetting nær funksjonar som skule, butikk og privat/ offentlig service kan ha stor verknad for redusert bilbruk.
- Styrke og vidareutvikle Rong sentrum

1.2 Planavgrensing


Området for kommunedelplanen omfattar heile Rongøy med tilliggjande sjøområde.



Oppmeldt plangrense, med innlagte delområder.

1.3 Organisering og planprosess

Formannskapet vedtok å starta opp planarbeid med kommunedelplan for Rongøy (FS-sak 095-08 i møte 20.08.08). Planarbeidet er organisert som vist i figur under.



Planprogrammet var utlagt til høyring/offentleg ettersyn i perioden 03.03.09 – 01.05.09. I samband med høyringa vart det halde eit ope informasjonsmøte i kommunehuset. Det har og vore møte med Planforum.

Planprogrammet vart vedteke i kommunestyret 11.11. 2009.

1.4 Medverknad

Sentrumsdialogen er eit prosjekt som vart gjort for å styrke medverknadsdelen i planarbeidet. Gode Sirklar vart engasjert og organiserte prosjektet, der dei inviterte heile befolkninga generelt og representantar for ulike grupper spesielt til dialog om framtida for Rong, med utgangspunkt i en fysisk modell av Rongøy. Prosjektet vart gjennomført slik:

28 aug 2010	Åpen dialog Rong Senter kl 11.00-1500
6 sept 2010	Dialog næringsdrivende, Rong Senter kl 1130-1300
20 okt 2010	Dialog nærmiljø, barnefamilier kl 1830 -2000
19 nov 2010	Nærdialog eldre kl 1300-1400
Nov 2010	Nærdialog næringsdrivende
Des 2010	Dialog ungdom

Resultatet av desse dialogane er samla i rapporten Sentrumdialogen.

Barnetråkkregistreringar for Rongøy vart gjort i samband med eit samla arbeid for alle skulekrinsane i Øygarden kommune.

Tettstadanalyse for Rong sentrum er utarbeida, og det vart gjennomført ein idéugnad 09.11 2011.

2. OVERORDNA PLANAR OG FØRINGAR

2.1 Statlege og regionale føringar

Frå statleg hald gis det ulike lover, rundskriv, retningslinjer og rettleingar som gir føringar for kommunal utvikling og planlegging. For kdp Rongøy er m. a. rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging og for barn og unges interesser sentrale. Dei statlege føringane som er relevante er innarbeid og konkretisert i kommuneplanens arealdel, og vert ikkje omtala nærare her.

Fylkeskommunen har også utarbeida fleire planar som gir føringar for kommunal planlegging. Fylkesplanen for Hordaland 2006-2008 er forlenga, og gjeld framleis som føring for kommunane. Andre sentrale fylkeskommunale planer er "*Fylkesdelplan – Deltaking for alle*" om universell utforming og "*Fylkesdelplan for klima*", som set mål om redusert energibruk og transportbehov, bruk av fornybare energikjelder, og bruk av miljøvenlege materiale.

2.2 Kommuneplanens arealdel 2006-2014

2.2.1 Mål for arealbruk og bustadbygging

Gjennom heilskapleg planlegging og arealforvaltning skal kommunen:

- Balansere utvikling og vern slik at ein sikrar ei berekraftig og ressursmessig forsvarleg utvikling.
- Legge tilhøva til rette slik at arealbruken vert størst mogeleg til nytte for samfunnet og den einskilde
- Det skal vera ei klar avgrensing mellom byggjesone og ubygd areal
- Ha fokus på beredskapsmessige omsyn i samfunnsplanlegginga

2.2.2 Strategi for arealbruk og bustadbygging

- Bustadutbygging skal i størst mogleg grad finne stad i tilknytning til senterområde der offentleg infrastruktur er tilgjengeleg.
- Kommunen vil leggje tilrette for at hamnetilhøva i kommunen kan utviklast av private interessentar. Dette gjeld både småbåthamner og gjeste/service hamner så vel som hamner for større farty.
- Landbruksareala i kommunen skal i størst mogleg grad takast vare på. Det skal utarbeidast landbruksplan for kommunen.
- Strandsona skal vernast mot utbyggingstiltak som kan redusere verdien som natur- og friområde med tilgjenge for alle.
- Ferskvatna må vernast mot utbygging og øydelegging og forvaltast på ein slik måte at verdien av område vert oppretthalde. I denne samanhengen må ein og rekne med tilførselsbekkane og nedslagsfelta.
- Bustad- og oppvekstområde må vernast mot fare frå omgjevnadane. All arealbruk skal sjåast i samheng med utarbeidd ROS- analyse for kommunen.
- Generelt vert det ikkje opna for bygging eller ombygging til rorbuer i naustområde. Kommunen kan likevel opna for bygging/ombygging av rorbuer i naustområde når det ikkje er i strid med anna verksemd/aktivitet og når tilhøva gjer det mogleg med ei slik utbygging. Ved bygging av meir enn 3 rorbuer vert det krevd reguleringsplan.


- Grense for funksjonell strandsone skal trekkjast opp i kommuneplanperioden.

2.2.3 Mål for miljøvern, kulturvern og naturressursar

- Fremja ein økologisk forsvarleg bruk av areal og naturressursar
- Ta vare på det biologiske mangfaldet, kulturminna og dei særskilde verdiane i kyst- og vassmiljøa.
- Sikre natur- og kulturverdiane som varig kjelde for helse, trivnad og næringsverksemd
- Sikre ei miljøvenleg og samfunnsøkonomisk forsvarleg avfallshandtering
- Utføre utbygging med energiøkonomiske rette løysingar

2.2.4 Strategi for miljøvern, kulturvern og naturressursar

- Ved all type utbygging skal det takast omsyn til kommunen sitt særeigne natur- og kulturlandskap ved tilpassing til terreng, utforming av bygg, fargebruk og materialval. Sjå kommunen sine estetiske retningslinjer.
- Risiko- og sårbarheitsanalysar skal danne grunnlag for alle utbyggingstiltak og beredskap, for å hindra og avgrensa akutt forureining.
- Kunnskapsnivået om økologisk viktige område og naturen si toleevne skal aukast. I sær skal det takast omsyn til dette gjennom arbeid i barnehagar og skuleverket.
- Omsyn til naturen si toleevne skal liggja til grunn for all planlegging.
- Større urørte område, økologisk viktige område og område av verdi for friluftslivet skal vernas mot utbyggingstiltak.
- Kulturminne og fornminne må sikrast for komande generasjonar. Det skal i neste planperiode utarbeidast ein kulturminneplan som skal gje grunnlag for sikring av kulturminne / fornminne.
- Avfallshandsaminga skal baserast på kjeldesortering, gjenvinning og forsvarleg slutthandsaming av restavfallet.
- Øygarden kommune skal legge forholda til rette for ein reduksjon i energibruk og stimulere til auka bruk av fornybare/mindre forureinande energikjelder.
- Kommunen skal stimulere tiltak som er med på å halde lyngheiane opne. Dette skal ivaretakast ved utarbeiding av landbruksplan.



Gjeldende kommuneplan 2006-2014, utsnitt Rongøy

3. RESULTAT FRÅ MEDVERKNADSPROSESSAR



I dedugnad tettstadanalyse



Barnetråkkregistrering



Sentrumsdialogen

3.1 Oppsummering Sentrumsdialogen

Sentrumsdialogen vart utført i regi av Gode Sirklar. Resultatet er samla i ein eigen rapport, som vedlegg til kommunedelplanen. Oppstillinga under viser sentrale tema som kom fram, både under open dag og i samtalar med dei enkelte gruppene:

Naturen *"Det er jo nærheten til naturen som gjer at eg bur her"*

Turvegar *"Frå Tednebakkane til Veslevarden må det vere strandpromenade som kan binda saman bygdene"*

Båthamn/gjestehamn *"Det er helt utrolig at vi som lever i en kystkommune har så lite tilgang til sjøen med båt"*

Kulturarv *"Vi må føre vidare sjøkulturen"*

Infrastruktur/veg *"Fotgjengarovergangen er fantastisk! Eg nyt å gå over, eg går som ein snegel, for eg nyt å la dei venta"*

Arkitektur *"Arkitektur og landskap er noko vi må få meir forståing på"*

Sosiokulturelle forhold *"Enkel bygdekultur er bra"*

Aktivitetar

Unge: *"Fleirbrukshall med ulike aktivitetar, skaterampe, ein møtestad for ungdom, sandvolleyballbane, nettcafe, konserthall"*

Familier *"Ønsket om en plass for voksne å møtes – en fotballpub"*

Eldre: *"Du må skrive at dei ikkje må ta frå oss eldresvømmingen" "Ein sti for folk som sit i rullestol hadde vore bra."*


Næringsdriv. *"Vi må få ein plan på kvar næringslivet skal etablerast" "Logistikken i forhold til reiselivssatsing er ikkje tilstades."*

3.2 Utdrag Barnetråkk

Barnetråkkregistreringa er eit eige prosjekt og er utført i alle skulekrinsane i Øygarden. Prosjektet har inngått i undervisninga på skulane, og borna har sjølve registrert skuleveg og fritidsveg, områda dei brukar til leik og opphald, favoritt- og problemstader og skulen sine egne bruksområde. Registreringane er samla i ulike temakart:

- barneveg
- leik og opphald
- problem/favorittstader
- skulebruk

Naturområda heilt sørvest på Rong ved Ormhillaren, Rongalopet og Lillevarden vert mykje brukt sommarstid til bading, leik og grilling. Det same gjeld "Månetoppen" ved rådhuset. Borna likar seg godt her, og brukar området helst på sommarstid. Mindre område som mellom anna Dalen/Navrestadhøyen, Bakken, og tjørna ved ungdomsskulen vert nytta til vinteraktivitetar som aking og skigåing. For temakart leik og opphald, jf. kap. 7.3.3.



Temakart barneveg

Det er separat fortau stort sett langs heile fylkesvegen som går gjennom Rong, og dei fleste opplever vegen som trygg. Nokre oppfatar likevel vegstrekninga som farleg grunna stor trafikk på vegen, farlege kryss/avkjørsler langs vegen og dårleg belysning. Vidare unngår svært mange av borna undergangen ved Rong senter under fylkesvegen, og kryssar heller vegen i plan. Langs fylkesvegen ved kulturhuset er fortauet oppfatta som for smalt, og at det difor er skummelt med stor trafikk på strekninga. Manglande belysning og dårleg sikt gjer at mange enkeltområde vert oppfatta som farleg.

Det vert vist til dette temaet, som eige kap. 7.3.3 i konsekvensutgreinga.

3.3 Oppsummering idedugnad for Tettstadsanalyse for Rong sentrum

Kommunen har fått tilskotsmidlar frå Hordaland fylkeskommune til å utarbeide ei tettstadsanalyse for Rong sentrum. I den samanheng arrangerte kommunen idedugnad 09.11 2011. Det kom fram mange gode idear til tiltak som kan bidra til utvikling av Rongøy generelt og Rong sentrum spesielt. Deltakarane gjorde mellom anna ei såkalla SWOT – analyse (Strengths – Weaknesses – Opportunities – Threats) Dei som deltok:

Rong næringsmiljøutvalg

Næringsliv

Raudhammaren Velforening

Kystmuseet

Sogelaget

Rong senter

Bring Cargo

FAU, Rong barneskule

Grunneigarar

Hordaland Fylkeskommune

Resultatet frå SWOT analysa viser at innbyggjarane ser mange muligheiter for framtida på Rong. Rubrikken for muligheiter er den klart lengste!

Styrke	Svakheit
<ul style="list-style-type: none"> • Nærleik til sjø og bad i nær tilknytning til sentrum. Unikt! • Flotte svaberg sør for rådhus • Flott natur i nær tilknytning til sentrum • Sentrum har mange funksjonar allerede (rådhus - med basseng, bensinstasjon, kjøpesenter - med bibliotek, eldrebustader, skule, framtidig fleirbrukshall m.m.) 	<ul style="list-style-type: none"> • Stor mangel på båtplassar, både for lokale og for gjestar • Sentrum delt i to av FV • For dårlig trafikkisikring • Manglar blikkfang/skikkelig/tydeleg inngang til sentrum slik at folk vil stoppa opp • For lite utvalg i fritidsaktivitetar per i dag (fotball og korps) • For få møteplassar • Lite aktivitet i sentrum på kveldstid • Ingen stad å stoppe/legge til/fylle drivstoff for folk som kjem med båt, - bubil

Moglegheit

- Utnytte svaberg og strandsone sør for rådhuset:
Mulighet til å skape ny marina med gjestehavn og badeplass, kombinert med stad for drivstoffylling for båtar, kafè/møtestad /gjestehus.
Det har tidlegare vist seg at det er ein suksessfaktor med gangavstand frå gjestebrygge til daglegvarebutikk.
- Utnytte moglegheitene til Ternholmen:
Lage gangbru ut til den kommunaleigde(?) holmen og legge til rette med benkar m.m. Eks. Sverige
- Utnytte moglegheitene båt- og hyttefolk , bubituristar gir:
Få dei til å stoppe opp i Rong framfor berre køyre forbi ved å legge til rette for det. Kan gjerast ved å opprette rasteplass (når du kjem gjennom skaret mot Rong) med toalett og benkar ved Svelgen bru. Turstiar til sentrum.
- Utnytte blikkfaget/utsikten til sjøen for å få folk til å stoppe opp i Rong:
Etablere sjøfontene som blikkfang i vika sør for Rådhuset. Eks. Moss
- Utnytte planar om ny fleirbrukshall:
Halde fram med desse planane, og ikkje legge dei på is. Rong treng eit breidare fritidstilbod utover korps og fotball.
Fleirbrukshall kan gje Rong dette.
Forskjønne/legge betre til rette rundt dammen/tjødna ved ungdomsskolen.
- Utnytte veret på Rong:
Legge til rette for aktivitetar som t.d vindsurfing. Skape aktivitet for dei unge.
- Utnytte utmarka til byggeland:
Rong har mykje utmark og lite innmark. Utnytte utmarka til bustadbygging og industri. Nytte innmark til meir allmenntilgjengelege føremål som t.d gjestehamn og gjestehus.
Arseta til nye bustader (2-mannsbustader).
(Medarseto til drivhuset)
- Binde saman dei to sentrumsdelane med miljøgate:
Lågare fartsgrense, meir trafikkikkert, større sentrum. Ekspempel på dette er Norheimsund.
- Tilrettelegging av gode samanhengande naturstiar.
- "Selge inn" Rong til framtidige investorar:
Visualisere idear og moglegheiter for større område for å tiltrekkje seg investorar.
- Moglegheit til å lage parkaktig område i sentrum i pakt med det naturgitte

Truslar

- FV som deler sentrum:
Fysisk skille av sentrum. Må gjerast noko med før forsterka.
- Trafikksikring:
For dårleg trafikksikring for mjuke trafikkantar i dag.
- Ny bebyggelse i sentrum:
Ynskjer ikkje bebyggelse på de to gjenstående tomtene i Rong sentrum. Ikkje bygge ned desse tomtene med industri eller bustader. "Spare" til meir allmenntilgjengelege føremål/småskalanæring. Ny industri kan plasserast over brua i nord, i Sælsmarka.
- Bebyggelse på innmark:
Dette er ein trend som må snuast. Rong har mykje utmark og lite innmark.
- For dårleg fritidstilbod til born og unge:
Må gjerast noko med for å halde på ungdomen

<ul style="list-style-type: none">• <u>Moglegheit til fortetting i sentrum:</u> Bruke desse moglegheitene fornuftig jf å nytte utmark til nye bustader og industri. "Sentrumsland" til småskalanæring/fellestjenegelege føremål.• <u>Utnytte Rong senter sine moglegheiter:</u> Få inn Vinmonopol, apotek og større utvalg butikkar• <u>Utnytte moglegheitene på Rongesund kai:</u> I dag berre ein stor snuplass. Nytte området til attraktive bustader i staden.	
--	--

3.4 Oppsummering merknader til oppstart

Oppstart av planarbeidet vart kunngjort samtidig med at planprogrammet vart utlagt til offentlig ettersyn. Det kom ei rekkje innspel til planarbeidet frå grunneigarar og andre med særskilde interesser i området.

3.4.1 Uttalar frå offentlege instansar

Navn	Innspel til planarbeidet	Kommentar
Fiskeridirektoratet, Region Vest	Planlegging av sjøareal må kombinerast med pågåande revisjon av kommuneplan, slik at ein får heilskap i arealbruken av sjøområda.	Teke til følgje.
Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum	Generell uttale med påminning om at undersøkingsplikta i Kulturminneloven § 9 også gjeld sjøbunn og vassdrag. Marinarkeologiske funn er påvist i Askeladden, men ikkje påvist kvar det er påkrevd med registrering. Tilrår difor at forskrifter har føresegnar som sikrar alle planar og enkelttiltak i direkte samband med sjø skal føreleggjast Bergens Sjøfartsmuseum for uttale via Fylkeskommunen.	Det er teke inn krav om at planar/tiltak som omfattar sjøareal skal leggjast fram for Sjøfartsmuseet til uttale.
Kystverket Vest	Ber om at farleier i Ulvesundet og Rongesundet vert vist i plankartet som opplysing om skipslei. Det må ikkje planlegges tiltak som kan hindre ferdsel. Viktig at tiltak ikkje kjem i konflikt med fyrlyktene sine seglingssektorar. Generelt viktig at det ikkje vert avsett større areal i sjø til enkeltinteresser enn det som er streng nødvendig. Opplysing om søknadsplikt etter hamne – og farvasslova må framgå av reguleringsføresegnene.	Teke til følgje.
Bergen kommune, Helsevernetaten. Brev til Øygarden kommune v/kommunelege Jan Utkilen	Generell uttale om omsyn som må innarbeidast i planen: Støy og inneklime Forureining Ulukker Positive miljøfaktorar Universell utforming	Teke til følgje i ROS-analyse.
Bergen og omland havnevesen	Gjer merksam på at Hjeltefjorden aust for Rongøy er registrert som hovedled for skipstrafikk, og at sundene både sør og nord for Rong er viktige bileder, og fartsreduserande tiltak er derfor ikkje aktuelt. Orientering om søknadsplikt for aktuelle tiltak i sjø vert teke med i planskildring.	Teke til følgje.
Fylkesmannen i Hordaland Miljøvernavdelinga	Positiv til vidare utvikling av Rong som kommunesenter og tettstad. Positiv til ein vurderer å ta vekk	

	<p>omgrepet LNF-ja område, og at ein heller vurderer konkrete utbyggingsområde. Kommunen bør i ettertid utarbeide områderegulering med jordskiftekrav.</p> <p>Kritisk til utviding av naustområde/rorbumiljø i Breivika, og alternative forslag bør vurderast. Stiller spørsmål om endra planstatus kan påverke gardsbruk sine moglegheiter for næringsutvikling, samt korleis planen kan bidra til næringsutvikling i landbruket.</p> <p>I samband med ny planlov rår fylkesmannen til å vurdere aktuelle LNF-område opne for tiltak der ein har bruk i aktiv drift og som har tun i 100-metersbeltet. Fritak i noverande lov fell vekk 01.07.09.</p>	<p>Alternativt forslag er vurdert innanfor eit begrensa område på nordsida av Breivika, og dette forslaget er innarbeida i planen. Det er teke omsyn til gardsbruka og jordbruksareal.</p> <p>Ikkje vurdert.</p>
--	--	--

3.5 Merknader frå private

Navn	Innspel til planarbeidet	Kommentar
Øygarden Boligutvikling As på vegne av Svein Rong	Ynskjer å nytta gnr 38, bnr. 9 til naustføremål. Området var først vist som naustområde i reguleringsplan for Veslevarden, men trekt ut grunna kasteplass i området. Meiner denne grunngevinga ikkje lenger er aktuell.	Delvis teke til følgje ved at ein begrensa strekning på eigedomen er sett av til naust.
Plan Vest v/ Geir Håland	Innspel i høve til gnr 28, bnr 6. Grunneigar ynskjer område vest for riksveg i forlenging av eksisterande bustadområde sett av til bustad- og naustføremål. Området er totalt om lag 64 daa og 1,5 daa er ynskjeleg til naustføremål. Ynskjer ny vurdering når det gjeld plassering av grense for funksjonell strandsone.	Innspel om utviding av byggeområde i Austmarka er teke inn i planen. Ny grense for funksjonell strandsone er ikkje teke til følgje.
Roald Atle Furre	Kjem med ein del konkrete forslag til plan. Forslaget viser vegtrasè utanom kommunesentrum, kai og molo i hamna, og bru til holme. Føyer til ynskje om felles grendahus for Veslevarden-Storevarden og Pålneset, samt forslag til utbetring av kai med flytebrygge, og drivstoffstasjon. Sjå vedlagt illustrasjon.	Å leggja om fylkesvegen vil berre bety at ein flyttar problemet, men utan å løyse det. Innspel om kai/molo og tilrettelegging for rekreasjon i kommunesenteret er tatt inn i planarbeidet. Ev. drivstoffstasjon bør ligge her Planforslaget foreslår småbåthavn ved Rongesundet kai, detaljar må løysast i detaljplan/byggesak.

Veslevarden Velforening v/ Nils Ottar Ekerhovd	Ynskjer at støyande verksemd på Rongesund kai vert flytta til plass utan nærleik til bustader. Ynskjer å vere med i planlegginga av ny småbåthamn på kaien. Vurdere båtfeste frå kai utover mot Hjeltefjorden, og ynskjer samarbeid også her. Foreslår konkrete detaljtiltak i samband med kaien. Raudhammaren har søkt kommunen om støtte til tilrettelegging for fleire bade plassar ved Breivik.	Eksisterande næringsområde er foreslått omgjort til bustadområde. Det er lagt inn areal til småbåthamn ved Rongesundet kai.
Ove og Vidar Halland	Opplyser om at Breivika har brukt til båthamn i 30 år med over 20 båtplassar. Ynskjer båtplassar, marina og naust i området.	Delvis teke til følgje
Raudhammaren Vel v/Øyvind Alvheim	Ynskjer meir aktivitet med naust, båtplassar og bade plass i Breivika, ikkje som i dag – en død vik med søppel. Lagt ved skisser til korleis dette er tenkt. Påpeker at Breivika kun blir brukt til tilkomst for båtar. For kart og illustrasjonar, sjå vedlegg til merknad.	Delvis teke til følgje
Alf Turøy	Er gjort kjent med at gnr 38, bnr. 40 er vist som jordbruksområde, men meiner at stykke ikkje kan brukast til dette grunna berg og skrin jord. Meiner eigedomen bør vere tomteland.	Ikkje tatt til følgje - Jordbruksareal i planen er lagt ut frå kommunen sine registreringar over jordbruksareal.
Inger-Lise Dingstad Rong	Ønsker å legge gnr. 38, bnr 7 sør for Arseta, ut til bustadbygging m. store einebustader. For områda ved Haugatun, Kvalen og Rong innmark vert det påpeika at det i dag er to gardsbruk i drift, og ikkje eitt, slik det står i planprogrammet. Ynskjer å ta vare på kulturlandskapet og jordbruksareala, og ynskjer difor ikkje utbygging i dette området. Ynskjer naustetomtar for sin eigedom både mot fjorden og mot Austrevågen.	Delvis tatt til følgje - eigedomen vest for fylkesvegen er satt av til bustadformål, austsida forblir LNFR som i dag. Delvis teke til følgje, ved at utbygging primært er lagt til dei minst verdifulle areale og tek omsyn til landskapet. Det er lagt inn naustområde på den del av eigedomen som vender mot vågen.
Valter Rong	Ynskjer opning for utbygging av einebustader med store tomter for Kvalen, og meir konsentrert utbygging på Haugetun. Ynskjer naustområdet på Naustholmen forbeholdt fastbuande på Rong.	Innspelet er delvis tatt til følgje. Det er opna for bustadbygging både på Kvalen og på Haugetun. Naustholmen forblir LNFR område og får i tillegg omsynssone landskapsvern. Det vert ikkje opna for

		naust her.
John Peter Olsen	Positiv til fortetting i Rong sentrum. Konkrete forslag om mellom anna punktthus mot bratt terreng med parkering under bakken, lav/tett utbygging der det er flatt terreng, og einestader naturleg i terreng ved Arseta. Gjeld eigedomane gnr. 38, bnr. 3 og 166 nær Rong sentrum og på Arseta. Forslår òg betre tilrettelegging for bruk av strandsona ved Knappebukta ved mellom anna å trekkje nausta lenger bak mot Ternholm. Innspelet gjeld fire område. Skisser til løysingar vedlagt.	
Børge og John J. Torsvik	Har tidlegare fått avslag på søknad om frådelling av tilleggsareal og oppføring av kai på gnr. 38, bnr. 434. Avslagsheimel i kommuneplanen. Ber om at saka vert tatt opp til ny vurdering i samband med planarbeidet for Rongøy. Ber om at kommunen kjem på befarung.	
Svein Rong	Presenterer skisser for utvikling av Breivika med 7 fritidsbustader, 7 naust, 1 servicebygg, flytebrygge for 20-25 båtar og treningsbane for hest.	
Idecon på vegne av Øygarden boligutvikling as	Planforslag om bustadfortetting mellom næringsområdet og ferjekaien og småbåthamn sør for ferjekaien.	Området er satt av til bustadformål, men kan ikkje utviklast før Byggeriet evt. er flytta.
Øygarden kyrkjelege fellesråd	Ynskjer å løfte fram tanke om ei ny kyrkje/kyrkjetun i kommunesenteret. Grunnen til innspelet er erkjenninga om at noverande Blomvåg kyrkje er svært lite eigna til alle dei aktivitetar som naturleg høyrer heime i kyrkjeleg regi.	Det er ingenting i kommuneplanen som er til hinder for å etablere ny kyrkje i sentrumsområdet. Dersom det skal byggast ny kyrkje i Øygarden, er det naturleg at den kjem i kommunesenteret. Spørsmålet bør vurderast nærmare i samband med områdeplan for Rong sentrum.

4. DAGENS SITUASJON

I samsvar med planprogrammet for kommunedelplanen, er det konsekvensutgreia ei rekkje sentrale tema. Konsekvensutgreiings-delen av denne planrapporten gjer greie for status og dagens situasjon i byrjinga av kapitla for kvart enkelt tema, med omtale og temakart. Desse utgjer hovudtyngda av omtale av dagens status i heile planen, jf. kap. 7, og gjeld følgjande tema:

- Biologisk mangfald
- Landskapsbilete
- Strandsona (*jf. også kap. 4.1*)
- Kulturmiljø
- Landbruk
- Marine ressursar
- Friluftsliv
- Trafikk og veg (*jf. også kap. 4.2*)
- Barn, unge, funksjonshemma og eldre

Tilhøvet til strandsona på Rongøy, og veg og trafikk med den gjennomgåande Fv 561, har vore sentrale tema i planarbeidet. Spørsmålet om vegløyning var eit sentralt grunnlag for oppstart av arbeidet med kommunedelplanen. Difor er desse to tema omtala spesielt under dette kapitlet om dagens situasjon.

4.1 Strandsona

Innanfor 100 m-beltet langs sjø er det på Rongøy ulik type naturkvalitetar og ulik type utbygging/bruk.

4.1.1 Naturkvalitetar nær sjøen

Aust

Ved Rong sentrum er det i nord eit høgdedrag med furuskog. Vidare rundt neset og sørover langs busetnaden er det svaberg med lynglandskap innimellom. På neset ved Arseta er det også eit skogsområde, med furu ned mot sjøen. Rundt neset og vidare sørover er det tildels skog og lenger sør strandsona med opprevne, slake svaberg, ei rekkje små vikar og nokre mindre steinstrender. Ved Storevarden og Rongesund er det litt vegetasjon mellom bustadområda og sjøen, medan det lengst i sør mot Rongesundet bru er lyng og svaberg.

Ormhilleren

Ved Ormhilleren sør for brua er det eit høgdedrag nærmast brua. Sør for dette er det småskog nær sjøen, og svaberg og vikar. Ormhilleren utgjer den sørlegaste delen av Rongøy, og her er det ein aust-vestgåande strekning, før terrenget svingar opp igjen på vestsida. Denne sørspissen består av bratte svaberg og omtrent ingen vegetasjon nær sjøen. Midt i sør er det eit sund inn mot ei større avskjerma vik og eit flatare område i sentrale deler av friluftsområdet. Vidare nordover på vestsida er strandsona ulik den i aust, med lyngkledd platå fram mot kanten og bratte berg og knausar, med tildels stup mot sjøen. Det er eit mindre tjern nær sjøen lengst i vest.

Sørvest

Nord for Ormhilleren-området går det ei vik inn frå vest; Breivika. Her er det relativt bratt med svaberg ned mot sjø, spesielt på sørsida. På nordsida er det litt slakare. Rundt vika er det lite

skog, men litt langs skråningane på nordsida. Innerst i vika er det grunt, med eit opnare myrområde mellom sjøen og Fv 561. Vidare nordover mot Skitvika er det stort sett som på Ormhilleren, med lynglandskap og berg mot sjøen, med unntak av eit par mindre strekningar med strender. Aust i Skitvika er det ei lita bukt nedanfor Arseta, med tett skog nær sjøen. Lenger nord er det bratt stup rett i sjøen.

Vest og nord

Innerst i Skitvika og vidare rundt vika er det eit meir ope kulturlandskap, spesielt vestover. Her er det tildels beitemark, og på halvøya ut i vika er det noko vegetasjon. Rundt Kvalen og Rong er det elles småkupert mot sundet, lite skog og bratt berg ned mot sjøen på sørsida. På vestsida og nordover mot Haugatun er det også stort sett bratt langs sjøen, men med eit par vikar der det er opnare og slakare landskap. Frå den nordlegaste av desse vikene er det eit lite flatt dalsøkk over til ei vik på nordsida, og mellom desse er det ein større knaus i vest, dvs nordvestspissen av Rongøy. Langs Ulvsundet i nord og austover mot Ulvsundet bru er det bratt og skog mot sjøen.

4.1.2 Bruk av strandsona

Det er få stader på Rongøy der det ikkje er mogleg med tilkomst til sjøen på grunn av utbygging. Likevel er det fleire stader bebygde område innanfor 100 m-beltet langs sjø. Dette gjeld både busetnad frå lenger tilbake i tid og nyare regulerte og utbygde område. Nedanfor følgjer ein kort omtale av bruken av områda langs sjøen.

Rong sentrum

Det er senterområdet som har den mest markante utbygginga på Rongøy, med Tednebakkane omsorgssenter, Ternholmsenteret og Øygarden rådhus nær sjøen i aust. I dette området er det også barnehage og kommunale omsorgsbustader innanfor 100 m-beltet. Dessutan ligg deler av den planlagte fleirbrukshallen i nord innanfor beltet. På Ivarholmen i nord er det ei hytte.

Strekninga Rong sentrum-Rongesund

Mellom Rong sentrum og Storevarden er det i dag ikkje busetnad innanfor 100 m-beltet. Lengst sør på strekninga, dvs nord for Storevarden, er det regulert til bustadområde, men der er ikkje tomter nær sjøen. I dei to regulerte og utbygde bustadområda Storevarden og Rongesund er det eit par rekkjer med bustader innanfor beltet. På Storevarden ligg det nokre tomter nær sjøen, men det er ingen eigedomar som grensar heilt til sjø.

Ormhilleren

Dette er eit populært friluftsområde, også for tilreisande, når det er fint vær sommarstid. Det er også eit lokalt turområde. Det er ingen busetnad på Ormhilleren, men det er eit fornminne eit stykke sør for Rongesundet bru.


Strekninga Breivika-Skitvika

I Breivika er det nokre naust og små, private flytebyggjer. Det regulerte og utbygde bustadområdet Raudhammaren ligg i all hovudsak utanfor 100 m-beltet langs sjøen. Det same er tilfelle for bustadområdet Austmarka lenger nord, som også er utbygd. Elles er det nokre få naust langs strekninga, og rundt bukta aust i Skitvika er det i tillegg til fleire naust, også nokre bustader innanfor beltet.

Strekninga Skitvika-Ulvesundet bru/Rong sentrum

Dei nye bustadane ved Rong senter ligg frampå kanten mot Skitvika i nordaust. Nord i vika er det eit regulert bustadområde ned mot sjøen som ikkje er ferdig utbygd. Vest i vika og sørover langs sundet er det mange eldre naust. Rong barneskule og bedehuset ligg også i dette området, som utgjør ein del av kjernen i det gamle kulturlandskapet og kulturminnemiljøet på Rong. Her er det også gamle gardstun. Sør på Kvalen er det nokre nyare bustadhus, medan strekninga vidare nordover har enkelte naust og ein del spreidd busetnad i 100 m-beltet, både eldre og

nyare bustader. Like nord for brua over til Ono ligg den gamle dampskipskaen på Rong, med bygningar som også danner eit heilskapleg kulturmiljø. Nord på Rongøy langs Ulvsundet er det fleire naust, og eit kaianlegg aust for brua, med næringsbygg som vert brukt til produksjon av kamskjellyngel. Deler av kulturhuset ligg også innanfor 100 m-beltet. Det er elles ingen bygg vidare austover, før tomata til den planlagte fleribrukshallen.




100 m-beltet på Rongøy vist med raudt.

4.2 Hovudvegen over Rongøy

Dagens Fv 561 som kryssar øya i nord-sørleg retning, har generelt god standard. Det er g/s-veg langs heile strekninga på vestsida av vegen og mellom krysset ved Rong senter og ungdomsskulen på austsida.

Samtidig er det relativt mange kryss og avkøyrslar på strekninga. Nokre ligg tett på kvarander og er pr. i dag ikkje tilfredsstillande utforma. Fartsgrensa frå nord til sør er sett til 50 km/t ved enden av Ulvsundet bru med oppheving av 50-sone til 80 km/t sør for Rong sentrum. Før det sørlegaste krysset ved Raudhammaren og Storevarden er det igjen 50-sone, og deretter 60-sone resten av strekninga ut på Rongesundet bru.

Når det gjeld støy, jf. støysonkart nedanfor, så syner dette ei relativt begrensa gul sone langs vegen der det er nødvendig med støytiltak i samband med eksisterande bygg og ny utbygging. Raud sone med forbod mot tiltak er kun ei smalare sone langs traséen.



Støysonkart Rongøy (Kjelde: Statens vegvesen)

Det vert synt til konsekvensutgreinga, kap. 7.3.2

5.1 Strategi for utbygging og vern

Planen tek opp i seg muligheiter for stor fortetting, både i Rong sentrum spesielt og på Rongøy generelt. Samtidig vert store område avsett til LNFR og ulike omsynssoner. Strandsona vert kun berørt i liten grad. Dette gjer at både naturområde og sjøen/sjønære areal som ressurs for befolkninga, vert ivareteke.

På Rong gard (Haugatun og Kvalen) har omsyn til jordbruk, kulturmiljø og landskap/strandsone vore styrande. Det er likevel sett av nye byggeområde, både på Kvalen og på Haugetun. Dei nye byggeområda ligg i all hovudsak som utviding av og innfylling i eksisterande bustadområde, og utgjer til saman ca. 60 daa. Utbygging av dei store areala vil krevje investering i infrastruktur. Det vert kun tillatt med einebustader, som vidareføring av eksisterande bygningstypar. I kommuneplanen har det tidlegare vore nytta formålet LNF-ja her. Det har vore vanskeleg å handtera. No er det tydelegare kva område som kan byggjast ut og kva område som av ulike omsyn ikkje kan byggjast ut.

I Rong sentrum vert det mindre grad av bevaring pga fortetting og større utbygging. Likevel skal strandsona i nord og aust, samt toppen av Arseta takast vare på og vera tilgjengeleg for allmenn bruk. Det vil også verta grøntstruktur og g/s-samband internt i området

I Austmarka vert det betydeleg fortetting av bustader, med grøntareal som mellomliggjande korridorar og som sone mellom eksisterande og ny busetnad og sjøen. Vest for Fv 561 vil det verta utbygging mellom Breivika og Arseta, medan austsida av vegen ved Medarseta vert bevart som LNF-område.



Område ved Haugatun som vert verna mot nedbygging både som landskapsrom og som jordbruksareal

5.2 Nye utbyggingsområde

5.2.1 Bustader

Det er sett av areal for framtidig bustadutbygging fleire stader på Rongøy, både som fortetting i eksisterande bygde område inkludert Rong sentrum, og som utviding av eksisterande bustadfelt til nye store bustadområde. I det eldre bygningsmiljøet på Kvalen og Haugatun i nordvest er det lagt til rette for kun einebustader. Innanfor Rong sentrum er det kun tenkt konsentrerte bustader, dvs rekkjehus og leiligheiter. I Austmarka/Storevarden er det tenkt ein kombinasjon av eine- og tomannsbustader. Det er plankrav for dei store utbyggingsområda, medan det for mindre areal med maks. fire einebustadtomter, ikkje er plankrav.

Planen legg til rette for eit totalt antall nye bustader estimert til 320-330 på Rongøy. Ved stor andel av tomannsbustader i Austmarka og Storevarden, vert talet noko større. Dette gjev ein peikepinn på kva som kan vera mogleg innanfor planen sine føresetnader. Det signaliserer også at det er områda sentralt i kommunen, med Rongøy og kommunesenteret, som skal utgjera tyngdepunktet i framtidig bustadutbygging. I kor stor grad det vert bygd nye bustader og kva type, er avhengig av m. a. vidare arealforvaltning og detaljplanlegging, folketalsutvikling, etterspurnad og marknad m. m.

Kvalen og Haugetun

Her er det eit nytt bustadfelt i sørvest, med plass for ca 15 einebustader. Det er eit mindre felt i midtre deler av området vest for skulen med plass for ca 5 einebustader og to felt lenger nord med ca 10 einebustader i kvart felt. Elles er det i dette området fleire mellomliggande, ledige areal som er avsett som fortetting med enkelttomter.

Rong sentrum

Det vil på sikt vera rom for å etablera eit relativt stort antal bustader innanfor område avsett til sentrumsformål i planen. Her er det ein føresetnad at det kun vert bygd konsentrerte bustader, og evt. bustadbygg og husvære tilsvarende dei som er bygd vest for Rong senter. Det skal ikkje etablerast fleire einebustader enn det som er planlagt i dag innanfor området. I sentrumsområdet er det berekna eit ca antall bustader på 150, avhengig av kor tett det vert aktuelt å byggja.

Arseta, Austmarka og Storevarden

Like sør for Arseta er det mindre utbyggingsområde på kvar side av fylkesvegen, med plass for ca 9 einebustader til saman. Dei største nye bustadområda er sett av vidare sørover ved Austmarka. Heile området vest for fylkesvegen frå Arseta til Raudhammaren vert dermed eit samanhengande bustadområde. Til saman vil desse gje plass for ca 100 nye bustader, med eine- og tomannsbustader. På lenger sikt vert næringsområdet ved Storevarden aust for fylkesvegen foreslått omregulert til bustader, med ca 12 einebustader. Ein føresetnad for dette er at dagens næringsverksemd finn ei anna eigna tomt.

5.2.2 Sentrumsformål - Rong sentrum

Kommunesenteret har fått formål Sentrumsområde. Bakgrunnen for dette er at området er tenkt fortetta og vidareutvikla med fleire ulike formål, og det er behov for ei meir detaljert regulering av kommunesenteret enn det er rom for i kommunedelplanen. Formål Sentrumsområde opnar for ulike underformål som forretning, offentlege og privat tenesteyting, bustader, kontor m. m. og inkluderer også nødvendig grøntareal og uteområde.

Det er sett krav om utarbeiding av ein samla områdeplan for Rong sentrum, og dette arbeidet er i startfasen. Planen skal erstatta gjeldande reguleringsplan for Rong senterområde. Forslag til planprogram for områdeplanen inneheld intensjonar og føringar innan følgjande overordna tema:


- Identitet
- Fortetting
- Aktuelle byggjeformål og formål som skal vurderast nærmare
- Veg- og trafikksystemet
- Strandsona
- Andre aktuelle tema i ulik grad

Kommunedelplanen gjev i tillegg følgjande konkrete føringar for områdeplanen:

- Det skal byggjast tettare i Rong sentrum, og samtidig med eit bevisst forhold til volum og område mellom bygg, med gode uteareal og grøntområde
- Ta omsyn til fjernverknad av framtidig utbygging
- Publikumsretta funksjonar skal liggja mest mogleg sentralt og ha hovudfasade orientert mot offentleg rom
- Meir bustader i sentrum – bidreg til å gje området meir liv og aktivitet
- Fylkesvegen gjennom Rong sentrum skal få ei meir miljøvenleg løysing
- Kollektivhaldeplass langs vegen/gata gjennom sentrum
- Styrke samanhengen internt i området, mellom sentrum og strandsona og langs strandsona, med gangtraséar og turvegar
- Leggja til rette for aktiv bruk av strandsona, med t. d. gjestehamn og badeplass
- Felles parkering internt og begrensa parkering mest mogleg mellom bygg og veg
- Vurdera areal for møteplass/attraksjon; d. v. s. korleis få tilreisande til å stoppa opp

Vidare utbygging av sentrumsområdet bør kunna skje etter eit soneprinsipp der publikumsretta aktivitetar retta mot befolkninga generelt, som forretningar, bensinstasjon, kulturhus o. l., bør liggja så nær sentrale deler av området som mogleg. Lenger ute bør det vera ei blanding av ulike andre funksjonar som skule og bustader. Kantsona ytterst bør bestå av meir friluftrelaterte funksjonar, grøntområde og gjerne også bustader.

Prinsippet er overordna, men overførbart til ein tettstad som Rong, der det er ønskjeleg og mogleg å få til med ei meir konsentrert og styrt utnytting av sentrum i tråd med sentrale retningslinjer for god tettstadsutvikling. Diagrammet under, med sirkclar for sonene, syner at Rong sentrum har stort potensiale for dette. Sonene er ikkje absolutte og det er naturleg med glidande overgangar basert på lokale tilhøve. Diagrammet kan tena som ei rettesnor i lokaliseringsspørsmål for ulike formål i arbeidet med områdeplanen for Rong sentrum.



Prinsippdiagram for lokalisering av funksjonar i Rong sentrum (Rambøll)

Det vert elles vist til planprogram for Rong sentrum datert 01-10-2012.

5.2.3 Offentleg tenesteyting

Ved Rong barneskule er det sett av område for tenesteyting for noverande skuleområde og areal for mogleg framtidig utviding av arealet til skule og/ eller barnehage.

5.2.4 Næring

Dei fleste arbeidsplassane på Rong er knytt til offentleg verksemd og handel. Planen legg opp til at Rong, i tillegg til kommunesenter, også bør vera handelssenteret i kommunen. Sentrumsformål opnar for næringsformål som forretning, tenesteyting, kontor og småskala produksjonsverksemd.

Større industri- og produksjonsrelatert næring bør leggjast til andre stader i kommunen, med spesielt avsett areal til den type verksemd. Dette er i tråd med sentrale føringar for sentrumsfunksjonar og tettstadutvikling. Næringsområdet ved Storevarden vert difor foreslått omregulert, jf. pkt. 5.2.1.

Når det gjeld jordbruksnæring kan dei to bruka som er i drift på Rong oppretthaldast i høve til planen.

5.2.5 Naust

Det er sett av fire nye område for naust, der tre ligg som på fortetting av naustområda på nordsida av Breivika og det fjerde på austsida av innløpet til Skitvika. Desse er først og fremst tenkt som naust for dei som bur i nærleiken og for framtidig busetnad. Det skal ikkje leggjast køyreveg fram til nausta.

5.2.6 Småbåthamn

Det er satt av tre område for småbåthamn – i sør ved den gamle ferjekaien ved Rongesundet, i nord ved Rong kai i Ulvsundet og gjestehamn ved Terneholmen, Rong sentrum

Småbåthamner krev stor plass også på landsida. Ved den gamle ferjekaien ligg det til rette for ei småbåthamn, med god adkomstveg og plass til parkering, slipp og andre fellesanlegg. Ulempa er at sjøen står sterkt på ved sundet, noko som er ei utfordring i høve til småbåthamn. I Ulvsundet er det rolegare farvatn, men adkomstvegen på land er smal og går gjennom bustadområde. I arbeidet med å finna eigna område for småbåthamn vart også næringsområdet/kaien på Ono nemnd som mogleg lokalisering. Ono ligg utanfor planområdet og er difor ikkje vurdert nærmare.

Gjestehamn vert foreslått lagt ved Terneholmen aust for Rong sentrum, i kombinasjon med badeplass, strandturveg og andre aktivitetar for fastbuande og tilreisande, som kan utviklast i dette området.

5.3 Samferdsel

5.3.1 Fylkesveg 561

Planprogrammet fastsette som ein viktig del av planarbeidet å:

“vurdera trafikksikringstiltak i samband med riksvegen (no fylkesveg) , sett i samanheng med styrking og vidareutvikling av kommunesenteret og tettstaden Rong og ny utbygging på Rongøy. Legge til rette for trafikksikker kryssing av riksvegen.”

Statens vegvesen som veghaldar har vore med i prosjektgruppa og delteke aktivt i planarbeidet.

Vegsituasjonen har vore ein sentral del av planarbeidet, og kryssløysingar har vore tema frå starten av. Det er ulike syn på kor mange og kva type kryss det bør vera på strekninga mellom Rongesundet og Arseta. Det har vore diskusjon i høve til prioriteringar og balansen mellom gjennomgangstrafikk og lokaltrafikk. Nokre av dagens avkøyrslar/ kryss er ikkje gode med tanke på trafikksikring, og bør sanerast eller byggjast om.

Statens vegvesen ønskjer ikkje å redusera eller "byggja ned" den relativt gode standarden som Fv 561 har gjennom Øygarden, i høve til mange andre vegstrekningar i fylket. Deira råd oppsummert for vegen er lista opp nedanfor. Dei ønskjer T-kryss framfor rundkøyring, og to kryss (eitt på sikt) mellom Rong senter og Ormhilleren. Det er desse føringane som er lagt til grunn i planen, innanfor vegformål og omsynssone med krav som gjeld infrastruktur, og/eller i føresegnene til planen:

- Rundkøyring ved Rong senter (her ønskjer også vegvesenet rundkøyring)
- T-kryss sør for Arseta
- T-kryss mellom Storevarden og Raudhammaren
- Køyring på eksisterande/utvida g/s-veg i sør, til Ormhilleren

I tillegg har det vore vurdert ein meir lokalt tilpassa og fartsdempande struktur på vegsystemet, med fleire kryss og rundkøyningar som krysstype i staden for T-kryss. Denne strukturen er som lista opp nedafor, men er ikkje vidareført eller vist i planen:

- Rundkøyning ved Rong senter
- T-kryss sør for Arseta
- Rundkøyning ved Austmarka
- Rundkøyning mellom Storevarden og Raudhammaren
- Passeringslomme ved Ormhilleren

Avkøyrsløse i nord ved kulturhuset skal avklarast i områdeplanen for Rong sentrum.

Det har vore diskutert og skissert lokal samleveg internt i dei nye utbyggingsområda ved Austmarka og Raudhammaren, og det er stilt krav om at vegsystemet skal avklarast i seinare detaljplanlegging og i samanheng med dagens vegnett i området.

Det vert synt til konsekvensutgreiinga, kap. 7.3.2.

5.3.2 Gang/sykkelvegar

Når det gjeld g/s-systemet, er det semje om at det er eit tydeleg behov for fleire trygge kryssingspunkt for mjuke trafikkantar over Fv 561, ein veg som i utgangspunktet er ein barriere over heile Rongøy. Følgjande tiltak ligg inne i planen for planfrie kryssingar for g/s-systemet, i kartet som vegformål og omsynssone med krav som gjeld infrastruktur, og/eller i føresegnene til planen:

- Framtidig undergang ved Arseta (basert på mogleg felles veg og g/s-veg fram i tid)
- Gangbru mellom Storevarden og Austmarka
- Over- eller undergang mellom Storevarden og Raudhammaren (dersom undergang: basert på mogleg felles veg og g/s-veg i samband med adkomst til Ormhilleren)

Gangbru mellom ungdomsskulen og idrettsplassen vert føresett innarbeida i områdeplanen for Rong sentrum.

Det vert elles synt til konsekvensutgreiinga, kap. 7.3.2.

5.3.3 Hamneområde

Det er avsett eit hamneområde i planen, der gamle Rongesundet ferjekai låg. Området skal vera tilgjengeleg for små og mellomstore fartøy, og er først og fremst eigna til ulik form for sjøvegs nyttetransport. Det vert ikkje lagt opp til endringar i dette området i høve til eksisterande bruk.

5.4 Grøntstruktur og LNFR

Grøntstruktur

Det er lagt inn tre grøntkorridorar, alle i Austmarka-området. Dei skal fungera som grønne soner mellom eksisterande og nye bustadområde, og mellom nye område. Samtidig skal dei sikra samanheng mellom g/s-nettet langs Fv 561 og strandsona, med adkomst til sjøen. Grøntkorridorane kan tilretteleggjast med turvegar eller stiar og i korridoren mellom områda

LNFR

Det er tydelegare skilje mellom LNFR og byggjeområde i kommunedelplanen enn i gjeldande kommuneplan for 2006-2014. LNF-område med føresegner om spreidd utbygging utgår på Kvalen. Gjeldande kommuneplan vert vidareført ved at det i all hovudsak er avsett LNFR mot sjø. Det er forbod mot utbygging i LNFR-områda i kommunedelplanen.

Ormhilleren

Frilufsområdet på Ormhilleren, som Bergen og Omland Friluftsråd forvaltar, har uendra status i planen. Heile området inngår i LNFR-område, og sjøareal er vist som Frilufsområde i sjø.

5.5 Strandsona og sjøen

Funksjonell strandsone

Det er definert ei funksjonell strandsone langs sjøen frå Breivika og nordover, rundt Skitvika, Kvalen og Haugatun, langs Ulvsundet og til område for gjestehamn ved Terneholmen.

Bakgrunnen for den funksjonelle strandsona er ei tilpassing i høve til det som er bygd innanfor strandsona, og samtidig er den lagt for å avgrensa nye utbyggingsområde. Ved Kvalen og Haugatun går den langs eksisterande bustadområde og dei nye fortettingsområda for utbygging. Ved Rong sentrum går grensa kun til gjestehamna, sett i samanheng med fortettinga som er ønskjeleg i sentrumsområdet. Ved Breivika, Raudhammaren og Austmarka er den funksjonelle strandsona lagt ut frå topografi langs sjøen og adkomst langs og ned til sjøen, og ut frå noverande bustadområde sine tydelege avgrensingar. Det vert ikkje lagt opp til ny utbygging mellom noverande bustadområde og sjøen.

Sør for Breivika, rundt Ormhilleren og på austsida av øya sør for Medarseta er det kun LNFR-område og noverande bustadområde. Det er ikkje tillate med spreidd utbygging i LNFR-områda, og ikkje behov for nærare avgrensing av strandsona enn det plan- og bygningslova legg opp til.

Det er elles søknadsplikt for aktuelle tiltak i sjø.

Det vert også vist til konsekvensutgreiinga, kap. 7.1.3.

5.6 Omsynssoner

Det er ei infrastrukturene og ei rekkje omsynssoner i planen, som skal bidra til å utvikla og ivareta ulike verdiar innanfor planområdet. Det er også to soner der gjeldande reguleringsplanar framleis skal gjelda. Alle sonene er som følgjer:

- Infrastrukturene 410 Krav som gjeld infrastruktur
Sone for bruk av areal til utbetring av veg og g/s-veg lang Fv 561 over Rongøy
- Omsynssoner 510 1- 2 Landbruk
Kvalen, to separate soner
- Omsynssone 530 Friluftsliv
Ormhilleren frilufsområde
- Omsynssoner 550 1-6 Landskap
Strandsona frå Ulvsundet rundt Haugatun og sørover langs sundet mellom Rongøy og Ono
Sone langs sjø sør på Kvalen
Landskapsdrag mellom busetnaden på Haugatun
Landskapsryggane Arseta og Medarseta.
- Omsynssoner 560 1-3 Bevaring av naturmiljø
Sone sør for Breivika med låglandsmyr.
To separate soner på Ormhilleren med strandmiljø og verdifull vegetasjon

- Omsynssoner 570 1-2 Bevaring av kulturmiljø
Soner i Skitvika og ved sundet vest på Kvalen med gamle naustmiljø
- Vidareføring av reguleringsplan 910 1-2
Sone vest for Rong sentrum og sone på Storevarden

DEL 2 KONSEKVENSGREIING

6. BAKGRUNN

6.1 Planprogram

Konsekvensutgreiinga byggjer på planprogrammet for kommunedelplanen for Rongøy. Planprogrammet slår fast at til saman 9 tema skal ugreiast i høve til miljø, naturressursar og samfunn. Desse er opplista i kapittel 6.2 nedanfor i høve tilpassing til Statens vegvesen si KU-Håndbok 140.

Følgjande tema er ikkje eigne utgreiingstema i konsekvensutgreiinga i høve til ikkje-prisette konsekvenar, og er omtala i den generelle delen av denne planrapporten: energi, ROS-tema, helse, økonomiske konsekvensar for kommunen.

6.2 Metode

Statens vegvesen si Håndbok 140 er brukt som utgangspunkt for metoden i konsekvensutgreiinga. HB 140 er primært laga for planlegging av nye vegar. Ifølgje HB 140 skal tema som det er trong for å utgreia, innpassast i eit av 5 ikkje-prisette tema i kapittel 6 i håndboka, eller i kapittel 8 om Lokal og regional utvikling. Dei 5 ikkje-prisette tema i kapittel 6 er følgjande:

1. Landskapsbilete/bybilete
2. Nærmiljø og friluftsliv
3. Naturmiljø
4. Kulturmiljø
5. Naturressursar


Metoden i denne konsekvensutgreiinga er søkt tilpassa relevant innhald og nivå for dei ulike tema. Følgjande tilpassing av utgreiingstema for kommunedelplanen er gjort opp mot HB 140, kapittel 6:

Tema ifølgje planprogrammet	Metode/relevans mot HB 140
<i>Miljø</i>	
1. Biologisk mangfald, dyre- og planteliv	Naturmiljø
2. Landskapsbilete	Landskapsbilete/bybilete
3. Strandsona	Eigen metode. Tiltak i strandsona vert vurdert i høve til tema biologisk mangfald, friluftsliv, landskap, kulturminne og næring, i den grad desse er relevante for områda der tiltaka er lokalisert.
4. Kulturmiljø (kulturlandskap og kulturminne)	Kulturmiljø
<i>Naturressursar</i>	
5. Landbruk, jord og skog	Naturressursar
6. Marine ressursar	Naturressursar
<i>Samfunn</i>	
7. Friluftsliv	Nærmiljø og friluftsliv
8. Trafikk og veg	Eigen metode. Fokus på tryggleik og trafikkavvikling
9. Barn, unge, funksjonshemma og eldre	Tildels eigen metode. Fokus på nærmiljø.

Verdivurdering av eit område er basert på nasjonale mål og retningsliner og vert gjort ut frå ein tredelt skala med inndelingar: liten, middels, stor.

Vurdering av omfang av tiltak i planen i høve til dagens situasjon, vert gjort ut frå ein femdelt skala: stort negativt, middels negativt, ikkje omfang, middels positivt, stort positivt.

Konsekvens av tiltak er ei samstilling av verdien av eit område og omfang av planlagt tiltak i det aktuelle området, sett i høve til temaet som vert utgreia. Samanstillinga vert gjort ved hjelp av ei konsekvensvifte (HB 140), der konsekvens er eit resultat av korleis verdi og omfang er vekta.



Konsekvensvifte (Statens vegvesen, HB 140). Konsekvens er eit resultat av korleis verdi og omfang er vekta.

Område som ikkje vert berørt av nye tiltak i planen, er ikkje drøfta i samstillingane for verdi og omfang i konsekvensutgreiinga. Desse områda er kun omtala generelt i skildring av dagens status i byrjinga av kvart utgreiingstema. I samstillingane er konsekvensane merkte med **grønt** dersom det er positiv konsekvens og **raudt** dersom det er negativ konsekvens (saman med kort grunngjeving i parentes). Der tiltak har ubetydeleg til liten negativ eller positiv konsekvens, er det ingen merking av tekst.

6.3 Alternative forslag

Det er skissert tre ulike utviklingsmodellar for Rongøy i planprogrammet.

0-alternativet er dagens situasjon og det grunnlaget som alle tema og tiltak vert vurdert opp imot.

Alternativ 1 er utvikling i høve til gjeldande plangrunnlag, d.v.s. kommuneplanen og reguleringsplanar.

Alternativ 2 er utvikling med større fortetting enn gjeldande plangrunnlag, med m.a. klarare skilje mellom formål, og styrking av infrastruktur.

Det er kun utarbeida eitt planforslag, og det er verknadane av dette som er belyst i konsekvensutgreiinga. Generelt medfører ei gjennomføring av kommunedelplanen for Rongøy ei gradvis utvikling i retning alternativ 2, og konsekvensutgreiinga er først og fremst basert på dette. Dei ulike delområda vert i varierende grad utsett for endringar, og dette er søkt belyst i utgreiinga.

6.4 Alternative utgreiingar

Det er imidlertid tre område der det er utgreia to ulike alternative forslag. Det er følgjande område:

6.4.1 Vegløyising Fv 561 over Rongøy

Sør for Arseta er det utgreia to hovudprinsipp for kryss og antal avkøyrslar på strekninga mellom Arseta og Rongesundet: Statens vegvesen si vurdering og eit lokalt alternativ med fleire kryssløyisingar. Begge alternativa inneheld to planfrie kryssingar for g/s-trafikk mellom Arseta og Rongesundet. Vegalternativa er utgreia under tema Trafikk og veg, kap. 7.3.2. Sjå kart for dei to alternativa under dette temaet.


For strekninga nord for Arseta, innanfor Rong sentrumsområde, er det kun eitt forslag og ingen alternativ som er vurdert. I dette området er det i kommunedelplanen forslag om rundkøyring på Fv 561 nord for Rong senter. Forslag om gangbru mellom ungdomsskulen og idrettsplassen og avkøyrslar ved kulturhuset skal vurderast nærare i områdeplan for Rong sentrum.

6.4.2 Naust og småbåtanlegg Breivika


Det er utgreia to alternativ for utbygging av naust og lokalt småbåtanlegg både på nordsida og sørsida av vika, på grunnlag av konkrete saker som kommunen har motteke for desse områda. Sjå kart nedanfor. Begge alternativa er kun utgreia under dei tema som får konsekvensar av tiltaka. Dette gjeld tema Biologisk mangfald, kap. 7.1.1 og tema Landskapsbilete, kap. 7.1.2.

For nordsida er det motteke to ulike skisseforslag, som begge i utgangspunktet er i direkte konflikt med biologisk mangfald og landskapsbilete. Forslaga dreier seg om utbygging med naustrekkjer, brygge og privat småbåtanlegg innerst i Breivika. Det eine forslaget har også skisse på bruk av areal opp mot Fv 561, med bustader, bygg for utleige og kiosksalg; alle med adkomst frå fylkesvegen. Dei to forslaga er i utgreiinga slått saman til eitt område, sidan dei i stor grad gjeld dei same areala. I tillegg er området justert og flytta lenger vestover og utover i vika, der det er vurdert til å vera mindre konfliktnivå i høve til biologisk mangfald, landskapsbilete og adkomst. Det er det justerte området som så er utgreia. Forslaget er benevnt som *Breivika nord*.

På sørsida og innerst i vika er det utgreia eit tidlegare innsendt forslag til reguleringsplan/bebyggelsesplan. Her er det også forslag om utbygging med naustrekkjer og privat småbåtanlegg. Det er skissert adkomstveg til anlegget frå parkeringsplassen ved Ormhilleren i sør, og køyrbar veg i bakkant fram til nausta. Forslaget er benevnt som *Breivika sør*.



Breivika nord. Kart utbeida på grunnlag av to motttekne skisseforslag, der raud stipla strek er samla lokalisering for dei to forslaga med tildels køyrbare turvegar. Gult område med grønt omriss er justert lokalisering som er utgreia i kommunedelplanen. (Kart: Rambøll)



Breivika sør. Forslag til reguleringsplan. (Kjelde: Kart innsendt Øygarden kommune)

6.4.3 Gjestehamn Rong sentrum

Det er utgreia to alternative lokaliseringar av gjestehamn i vika aust for Rong sentrum. Områda ligg nær einannan, på kvar side av badeplassen ved Månetoppen. Dei er benevnt som *Alternativ nord* og *Alternativ sør*. Alternativa er utgreia under tema Strandsona, kap. 7.1.3. Sjå oversynskart under dette temaet.

7. UTGREI I NGSTEMA

7.1 Miljø

7.1.1 Biologisk mangfald



Fiskemåke (Kjelde: Wikipedia). Denne arten hekkar ved Øygarden ungdomsskule.

Naturtypar og planteliv

Det er seks registrerte lokalitetar av naturtypar innanfor planområdet. Under følgjer omtale av lokalitetane, med nummerhenviing til kart nedanfor.

Ormhilleren sand/grus/steinstrand (27) utgjer området rundt den sentrale badevika i friluftsområdet, og er m. a. fylt med skjellsand. Her er fleire naturtypar og rik artssamansetjing, som t. d. småhavgras. Her er også rognasal (Raudlisteart). Området er tilrettelagt med stiar og benkar, og har ein del slitasje grunna stor bruk. Det har verdi B-viktig og er 7-8 daa stort.


Rongaloptet kystlynghei (31) i høgden mellom Ormhilleren og Rongesundet bru er eit område med rikt innslag av purpurlyng. Der er også registrert hinnebregne (Raudlisteart). Området er truga av attgroing. Der er grusa gangveg til friluftsområdet på Ormhilleren. Området har verdi B-viktig og er i underkant av 40 daa.

Breivikmarka intakt låglandsmyr (34), mellom Breivika og Ormhilleren er fri for inngrep, og i nordvest er det ei tjørn med sjeldan førekomst av buntsivaks. Området har verdi A-svært viktig og er vel 30 daa.

Breivika strandeng og strandsump (35), innerste del av pollen, er eit område som er velutvikla og artsrikt, særleg den nordlege delen. Det har vore litt graving sør i vika, men området er elles stort sett intakt. Området har verdi B-viktig og er i underkant av 9 daa.

Grønhellaren skrotemark (36) er eit restareal på austsida av Fv 561, mellom fylkesvegen og lokal veg til Rongesundet, med vekseplass for uvanlege (menneskespreidde) artar. Området har verdi C-lokalt viktig, og er vel 1 daa stort.

Marholmen/Svartevikhøyen nordvendt berg (111), ligg nordaust på Rongøy, rett sør for holmen. Området er lite lysekspontert og har kløfter med førekomstar av hinnebregne (Raudlistearth). Det har verdi B-viktig og er litt over 1 daa.



Kart over naturtypar innanfor planområdet (Kjelde: Naturtypar i Øygarden, 2003)

Dyre- og fugleliv

Rong sentrum-hekkeområde for fiskemåke påvist i eit sentralt område aust for Fv 561 og sør for skogsdammen ved Øygarden ungdomsskule . Dette er typisk for arten, som hekkar på skjerma lokalitetar i utmark inne på hovudøyane og ved ferskvatn. Bestanden er i tilbakegang, og er ein såkalt ansvarsart, der Hordaland har eit spesielt ansvar fordi store delar av bestanden oppheld seg i fylket deler av året. Området er 19 daa stort og har vekting 1.

Arseta-hekkeområde for gråmåke påvist sør for Arseta og aust for Fv 561. Området er 18 daa stort og har vekting 1.

Det er observert ørn på Rongøy. Det er ikkje planlagt tiltak i området der observasjonen er gjort, og dette vert ikkje utgreia vidare.



Rong sentrum-hekkeområde for fiskemåke er avgrensa

Arseta-hekkeområde for gråmåke er avgrensa

(Kjelde: DN, Naturbase)

Ved amfibieregistrering er det kun padde som er truffe på i Øygarden. Padda er karakterisert som mindre vanleg, men er langt vanlegare på kysten enn i innlandet, og både padde og frosk er truleg vanleg i Øygarden. *Padder er bl. a. funne i skogsdammen ved Øygarden ungdomsskule.* Alle amfibiar er freda etter Viltlova av 1981.

Det er ein god del hjort i Øygarden, men det er ikkje oppgitt spesielle område eller trekkvegar for hjort på Rongøy. Her er heller ikkje oppgitt andre område for vilt.

*Kjelder: Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Øygarden, Øygarden kommune og Fylkesmannen i Hordaland (2003)
Viltrapport, førebels utkast Øygarden kommune (oppdatert 2000)
Amfibieregistrering Øygarden (2005)
Naturbase, Direktoratet for naturforvaltning
Lokal, muntleg kjelde*

Biologisk mangfald-samanstilling	
Verdi av område	<p><u>Naturtypar og planteliv</u></p> <p>Av dei tre områda i planen som inneheld naturtypelokalitetar og som vert vurdert i denne samanninga, er ein i kategori A-svært viktig/stor verdi (Breivikmarka, 34), ein i kategori B-viktig/middels verdi (Breivika, 35) og ein i kategori C-lokalt viktig/liten verdi (Grønhellaren, 36).</p> <p><u>Dyre- og fugleliv</u></p> <p>Når det gjeld fiskemåkebestanden i Øygarden er den nevnt som usikker, dvs den er kjent for å vera anten direkte truga, sårbar eller sjeldan, men det ligg ikkje føre nok kunnskap til å plassera arten i ein av kategoriane. Begge dei to fuglelokalitetane innanfor planområdet, Rong sentrum og Arseta, har imidlertid vektning 1/liten verdi i Naturbase.</p>
Omfang av tiltak	<p><u>Breivika (35)</u></p> <p><i>Alternativ Breivika nord (jf. kart kap. 6.4.2)</i></p> <p>Det justerte forslaget til område for naust og småbåtanlegg vil kun berøra ein mindre del av det vestlege området for biologisk mangfald i Breivika. Den mest artsrike delen ligg mot nord, og vert ikkje berørt. I nord går det elles ein sti i dag, som adkomst til neset før den innerste vika. Stien vil kunna oppretthaldast eller leggjast om, og det er ikkje aktuelt med køyreveg til småbåtanlegget. Omfang: lite negativt</p> <p><u>Breivikmarka (34)</u></p>

	<p><i>Alternativ Breivika sør (jf. kart kap. 6.4.2)</i> Forslaget til reguleringsplan vil berøra området for biologisk mangfald på vegstrekninga mellom dagens parkeringsplass og planlagt småbåtanlegg. Vegtraséen ligg i ytterkanten av området for biologisk mangfald over ein lengre strekning, og vil kunna påverka myrområdet indirekte. Omfang: middels negativt</p> <p><i>Grønhellaren (36)</i> Eventuelle tiltak på restarealet mellom vegane vil medføra at vekseplassen for artar forsvinn heilt eller delvis, men det vil kunna dannast grobotn for desse artane på tilsvarande type område andre stader. Omfang: lite til middels negativt.</p> <p><i>Rong sentrum</i> Ei omfattande fortetting av dette området vil truleg føra til at omådet vil verta redusert eller evt. utgå som hekkeområde for fiskemåke. Omfang: middels til stort negativt.</p> <p><i>Arseta</i> Her har det vore bustader over lengre tid. Ei vidare utbygging med einestader vil truleg i liten eller ingen grad påverka hekkeområdet for gråmåke, under føresetnad av at bustadområdet vert begrensa som vist i planen. Omfang: lite negativt.</p>
KONSEKVENNS	<p><i>Tiltak Alternativ Breivika nord (35):</i> Ubetydeleg til liten negativ konsekvens <i>Tiltak Alternativ Breivika sør (34):</i> Middels til stor negativ konsekvens (småbåtanlegg m/naustrekkje og adkomst) <i>Tiltak ved Grønhellaren (36):</i> Ubetydeleg konsekvens <i>Tiltak ved Rong sentrum:</i> Liten negativ konsekvens (utbygging i hekkeområde) <i>Tiltak ved Arseta:</i> Ubetydeleg konsekvens</p>
Tilråding av alternativ i Breivika, i høve til biologisk mangfald	Sidan området i nord ikkje er verdsett like høgt som i sør i høve til biologisk mangfald, og sidan alternativet i nord påverkar det biologiske mangfaldet i mindre grad, vert følgjande alternativ tilrådd i kommunedelplanen: Breivika nord

7.1.2 Landskapsbilete



Nye leilighetsbygg ved Rong senter i bakgrunnen, sett frå Skitvika.
(Foto: Rambøll)

I planprogrammet for KDP Rongøy er planområdet inndelt i fire delområde, jf. kap. 1.2.

Delområde 1: Rongesund, Ormhilleren, Storevarden og Raudhammaren

Området er relativt flatt, med lokale og mindre dalsøkk innimellom. Det er eit høgare parti ved brufestet til Rongesundet bru i søraust. Området har nyare busetnad med byggjefelt. Sørleg del av området utgjer det mykje brukte Ormhilleren friluftsområde.

Delområde 2: Austmarka og Arseta

Området er mykje likt delområde 1, men er i nord prega av det skogkledde høgdedraget Arseta, som kryssar Rongøy på tvers i aust-vestleg retning. Det utgjer eit topografisk skilje mellom sør og nord på Rongøy, og er det høgaste punktet i Øygarden kommune. Det er byggjefelt på vestsida av hovudvegen.

Delområde 3: Rong sentrum

Området er kupert, med enkelte platå, spesielt i nord mot Ulvsundet. Kommunesenteret har fleire, større kommunale og andre bygg, som pregar landskapet og omgjevnadane meir enn andre stader på Rongøy. Det er pr. i dag planar om fleirbrukshall ved ungdomsskulen.

Delområde 4: Kvalen og Haugetun


Her er det også småkupert, med eit høgare parti ved Ulvsundet bru i nord. Landskapet er meir karakteristisk enn sør på Rongøy, og her er dalsøkk både i nord-sørleg og aust-vestleg retning. Området utgjer den delen av Rongøy som vart utbygd lenger tilbake i tid, og her har kulturlandskapet enno tydelege skilje mellom dyrka mark, beite og utmark. Det er frodigare og ligg meir beskytta enn dei andre områda på Rongøy, mellom Arseta i aust og øya Ono i vest. Det er også fleire naustmiljø og mange enkeltnaust i området, og spør etter tidlegare fiskeriverksemd.

Fotoillustrasjonane nedanfor viser nye utbyggingsområde i høve til dagens busetnad/tomter innanfor dei ulike områda. (Kjelde, neste fire foto: Øygarden kommune, bearbeida av Rambøll)

For kart over dei fire delområda vert det vist til kap. 1.2.



Ny bustadutbygging i delområda 1 og 2: Rongesund, Ormhilleren, Storevarden og Raudhammaren + Austmarka og Aseta (d.v.s. områda sør for Arseta), sett frå nordvest. Eit område aust for Fv 561 er regulert til bustader, som utviding av eksisterande felt.



Oversikt over delområde 3, Rong sentrum, sett frå søraust. Areal som vert vurdert i høve til utbygging og fortetting i områdeplan for Rong senter, er markert med sirkel.



Ny bustadutbygging i delområde 4 (sørleg del), Kvalen, sett frå søraust.



Ny bustadutbygging i delområde 4 (nordleg del), Haugatun, sett frå søraust. Området nærast Rong sentrum er regulert til bustader.

*Kjelder: Estetiske retningslinjer, Øygarden kommune (utkast)
Øygarden kommune (fotokjelde)*

Landskapsbilete-samanstilling	
Verdi av område	<p><u>Rongesund, Ormhilleren, Storevarden og Raudhammaren + Austmarka og Arseta</u></p> <p>Ormhilleren og Arseta er kvar på sitt vis viktige og karakteristiske innslag i desse områda, og utgjer tyngdepunkta i landskapsbiletet. Dei vert vurdert til å ha stor verdi, også ut over dei lokale kvalitetane dei representerer. Dei mellomliggande områda ber preg av bustadutbygging, men har også store urørte areal. Desse områda, inkludert Breivika, vert samla vurdert til å ha middels landskapsmessig verdi.</p> <p><u>Rong sentrum</u></p> <p>Sentrumsområdet er utbygd med fleire store offentlege funksjonar, forretningsverksemdar i Rong senter og bensinstasjon. Der er fleire bygg og område med god utforming, men intern plassering og kontakt mellom funksjonane fungerer ikkje like godt visuelt. Det opprinnelege terrenget er endra i deler av området, med m. a. fleire skjeringar. Det er utbyggingsstrukturen som utgjer hovudintrykket i dette området i like stor grad som dei naturmessige kvalitetane. Samla sett vert dagens sentrumsområde vurdert til å ha liten til middels verdi i høve til det som her kan definerast som eit tettstadsbilete (landskapsbilete).</p> <p><u>Kvalen og Haugetun</u></p> <p>Kulturlandskapet er forma gjennom generasjonar, ber framleis preg av kombinasjon mellom landbruk og fiskeri. Deler av området har intakte naustmiljø og gardstun, spesielt i sør ved Skitvika og på Kvalen. På Hauगतun i nord er dette mindre tydeleg; her er det større innslag av blanda busetnad og enkelttomter. Dei karakteristiske naturtilhøva gjev likevel området samla sett eit godt heilskapleg inntrykk. Verdien vert vurdert til stor.</p>
Omfang av tiltak	<p><u>Rongesund, Ormhilleren, Storevarden og Raudhammaren + Austmarka og Arseta</u></p> <p>Ormhilleren vert ikkje berørt av utbygging, og i skråningane sør for Arseta vert det ei begrensa utbygging som ikkje rører ved hovudlandskapsbiletet i høve til høgdedraget. Utlegging av dei øvrige planlagte områda til bustadfelt vil over tid endra landskapet, sidan såpass mykje av dagens naturområde vert berørt. Samtidig er store areal allerede utbygd, og ved vidare utbygging vert desse fortetta og bunde saman. Ved å halda på byggjehøgder som i dag, og i tillegg unngå busetnad på dei mest markante høgden i terrenget, vil omfanget ikkje verta så stort som det kan gje inntrykk av. Omfanget er generelt vurdert som lite.</p> <p><u>Alternativ Breivika nord (jf. kart kap. 6.4.2)</u></p> <p>Dette alternativet er lokalisert på ein strekning langs midtre del på nordsida av Breivika, og berører ikkje dei innerste eller ytterste delane av vika. Ei utbygging vil medføra fortetting og innfylling der det er eksisterande hytter og naust frå før. Innerste strekning vil liggja delvis nedanfor landskapsryggen i bakkant mot nord. Under føresetnad av tilpassa dimensjonar og utforming, vert tiltak i høve til landskapet vurdert til å ha lite eller ikkje noko omfang for dette alternativet. Omfanget vert vurdert som relativt likt, enten det vert bygt fleire mindre enkeltnaust eller t.d. eit større fellesnaust i området.</p>

	<p><i>Alternativ Breivika sør (jf. kart kap. 6.4.2)</i> Dette alternativet er lokalisert sør og aust i innerste del av Breivika. Utbygging av området vil medføre ei omfattande endring i landskapet og vassflata på sørsida av vika, som i dag er eit ope og uberørt område. Vegframføringa vil også skje i dette området. Omfanget av utbygginga vert vurdert til middels negativ.</p> <p><u><i>Rong sentrum</i></u> Tiltak i Rong sentrum, med større utbyggingar og fortetting av dagens bygningsstruktur, kan tilsaman verta omfattande over tid. Fjernverknaden sett frå omkringliggjande område vil kunna verta meir markant.</p> <p>Innanfor sentrumsområdet er det i første omgang den planlagte fleirbrukshallen nord for ungdomsskulen som kan vurderast i høve til landskapet, sidan det her ligg føre eit konkret skisseutkast. Hallen kan vurderast til å ha ei vanskeleg lokalisering i høve til heilskapen i terrenget, på grunn av påverknad på Svarteviktjørna som eit landskapselement, og inngrep i den karakteristiske kløfta i terrenget mot Ulvsundet i nord. Tiltaket kan redusera landskapsopplevinga. Det vert vurdert til middels til stort negativt.</p> <p>Ut over dette vil ei generelt god og tilpassa fortetting av sentrumsområdet i høve til lokalisering, dimensjonar/høgder og utforming, kunna gje ei positiv utvikling for området, og under slike føresetnader vert tiltak vurdert til å ha stort positivt omfang.</p> <p><u><i>Kvalen og Haugetun</i></u> Nord i området på Hauगतun er tiltak godt tilpassa eksisterande busetnad og landskap, og separat sett er omfanget vurdert til å vera lite. På Kvalen vil eit større areal i sørvest verta utbygd med bustader, og omfatta ein stor del av kulturlandskapet i dette området. Samtidig er særleg del mot sjøen allereie utbygd. Tiltaket vert vurdert til å ha lite til middels negativt omfang.</p>
KONSEKVENNS	<p><u><i>Tiltak i Rongesund, Ormhilleren, Storevarden og Raudhammaren + Austmarka og Arseta:</i></u> Ubetydeleg konsekvens <u><i>Tiltak Alternativ Breivika nord:</i></u> Ubetydeleg konsekvens <u><i>Tiltak Alternativ Breivika sør:</i></u> Middels negativ konsekvens (småbåtanlegg m/naustrekkje og adkomst) <u><i>Tiltak i Rong sentrum:</i></u> Middels til stor positiv konsekvens (fortetting generelt) Middels negativ konsekvens (lokalisering fleirbrukshall) <u><i>Tiltak i Kvalen og Haugetun:</i></u> Middels negativ konsekvens (større bustadutbygging på Kvalen)</p>
Tilråding av alternativ i Breivika, i høve til landskapsbilete	<p>Det er vurdert som viktig å bevare området sør for Breivika fritt for utbygging, og heller gje rom for noko utbygging på nordsida, der det er hytter og naust frå før. Følgjande alternativ vert tilrådd i kommunedelplanen: Breivika nord</p>

7.1.3 Strandsona



Området ved Månetoppen og badeplassen nedanfor rådhuset. Dei to alternative områda for gjestehamn ligg heilt i venstre og heilt i høgre biletkant. Bygg i midten er nærvarmeanlegg. (Foto: Rambøll)

For omtale av dagens strandsona på Rongøy, vert det vist til eige kapittel 4.1.

Tiltak i strandsona og bruk av dei sjønære areala er knytt opp mot det generelle forbodet mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag, jf. § 1-8 i ny pbl frå 2008. Dette forbodet gjeld så langt ikkje anna byggegrense er fastsett i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan. Intensjonen med byggjeforbod og restriksjonar i 100-metersbeltet langs sjø er å sikra følgjande verdier i strandsona:

- biologisk mangfald
- friluftsliv; rekreasjon og allmenn ferdsel
- landskap; estetiske omsyn
- kulturminne
- I tillegg til desse fire verdiane er det også knytt næringsinteresser til strandsona, i form av primærnæringar, industri/energi, råstoffutvinning og reiseliv.

Tiltak i strandsona vert vurdert i høve til desse fem punkta. I dette kapitlet vert nye eller endra tiltak i område som spesielt berører strandsona, drøfta i høve til dei fem verdiane i den grad verdiane er relevante for områda og ikkje drøfta andre stader. Verdier som er drøfta i andre kapittel i konsekvensutgreiinga, vert ikkje vidare utgreia her. Det gjeld følgjande verdier og område (jf. nummerering i kart nedanfor):

1. Småbåtanlegg ved Ulvsundet

Området sin verdi i høve til næring er drøfta i kap. 7.2.2 Marine ressursar. Verdien for friluftsliv og kulturminne er drøfta nedanfor.

2. Badeområde ved Rong sentrum

Området sin verdi som badeområde, dvs i høve til nærmiljø/friluftsliv er generelt drøfta i kap. 7.3.3 Barn, unge, funksjonshemma og eldre.

6. Naust og småbåtanlegg i Breivika

Området sin verdi for biologisk mangfald og landskap er drøfta i kap. 7.1.1 og 7.1.2

Tiltak i strandsona i kommunedelplanen er som følgjer, med henvisning til kart:

1. Småbåtanlegg ved Ulvsundet
2. Badeområde ved Rong sentrum
3. Gjestehamn ved Rong sentrum (to alternativ)
4. Småbåtanlegg ved Rongesundet
5. Hamneområde ved Rongesundet
6. Naust og småbåtanlegg i Breivika



Oversyn over tiltak i strandsona. Innringa område er drøfta i dette kapitlet. Dei andre (delvis nr. 1 + nr. 2 og 6) er drøfta under andre tema (Kartkjelde: Miljøstatus.no).

Kjelde: *Råd om planlegging og forvaltning av strandsona i Hordaland (Fylkesmannen og Hordaland fylkeskommune, 2007)*

Strandsona-vurdering	
Verdi av relevante område	<p><i>1. Småbåtanlegg ved Ulvsundet</i></p> <p>Området vert vurdert til å kun ha ein viss verdi i form av fri ferdsel til sjøen på dagens kai og fiske frå kaien, dvs i høve til friluftsliv. Bruken er ikkje antatt å vera stor og det er mogleg å fiska frå kai, samt frå land, fleire stader på Rongøy. Verdien vert sett til liten i høve til friluftsliv.</p> <p>Det gamle huset ved kaien er SEFRAK-registrert i kategorien Anna</p>

	<p>SEFRAK-bygning (gul trekant), ref. SEFRAK-kart kap. 7.1.4, dvs det har verdi i høve til kulturminne. Det er andre bygningar på Rongøy som kan representera denne type bygg og epoke, og som i tillegg ligg i meir autentiske miljø. Verdien vert sett til liten i høve til kulturminne.</p> <p><u>3. Gjestehamn ved Rong sentrum (to alternativ)</u></p> <p><u>Område nord:</u> Området ligg skjerma mellom Terneholmen og strandsona nedanfor sjukeheimen, og er i dag delvis utfylt og steinsatt i den sørlege delen. Det er godt tilgjengeleg frå nedre veg til sjukeheimen. Området vert vurdert til å kunna ha stor verdi for friluftsliv, og samtidig også for ny og eksisternade næring (servering, handel) i høve til ei gjestehamn.</p> <p><u>Område sør:</u> Området er ikkje like skjerma frå sjøen som i nord, men det ligg nærmare senterområdet og er meir synleg og eksponert. Her er i dag kun svaberg, og det er større høgdeforskjell mellom vegen og strandsona. Området vert vurdert til å ha middels verdi for friluftsliv og næring i høve til ei gjestehamn.</p> <p><u>Oppsummering:</u> Det nordlegaste alternative området for gjestehamn ved Rong sentrum synest å ha størst verdi i høve til ei gjestehamn, ut frå landskapsmessige tilhøve og adkomst frå land.</p> <p><u>4. Småbåtanlegg ved Rongesundet</u></p> <p>Området utgjer tildels det utfylte området like nord for den tidlegare ferjekaien, og sjøareal i vika utanfor og langs land mot nord. Området vert vurdert til å ikkje ha særleg betydning for nokon av dei fem verdiane for strandsona, dvs liten verdi.</p> <p><u>5. Hamneområde ved Rongesundet</u></p> <p>Området utgjer den tidlegare ferjekaien som no er nedlagt, og sjøareal utanfor. Det har ein funksjon som laste- og losseplass for litt større farty, med god vegtilkomst og snuplass. Det har såleis ein verdi for frakt og næring, som dei andre kaiene på Rongøy ikkje har på same måten. Verdien vert difor sett til middels stor i høve til næring.</p>
Omfang av tiltak i relevante område	<p><u>1. Småbåtanlegg ved Ulvsundet</u></p> <p>Eit anlegg vil hovudsakleg omfatta areal i sjø, og begrensa omfang på land, i form av mindre lager e.l. I høve til at området allerede er etablert med kai og busetnad, så vert omfanget av eit småbåtanlegg vurdert til å vera lite.</p> <p><u>3. Gjestehamn ved Rong sentrum (to alternativ)</u></p> <p><u>Alternativ nord:</u> Ei opparbeidd gjestehamn vil kunna bidra positivt til utvida bruk og ryddigare preg i området, som eit aktivt nærrområde til både sjukeheimen og sentrumsområdet elles. Omfanget vert vurdert til middels til stort positivt.</p> <p><u>Alternativ sør:</u> Ei gjestehamn vil også her bidra positivt til aktivitet og oppjustering av sentrum, sjølv om denne lokaliseringa er meir krevande landskapsmessig, t.d. i høve til adkomst. Omfanget vert vurdert til middels positivt.</p> <p><u>Oppsummering:</u> Omfanget vert samla sett vurdert til noko meir positivt for alternativ nord enn alternativ sør.</p>

	<p><u>4. Småbåtanlegg ved Rongesundet</u> Eit anlegg vil hovudsakleg omfatta areal i sjø, og begrensa omfang på land. Området innerst i vika er allerede utfylt og bearbeida, og omfanget vert totalt sett vurdert til å vera lite.</p> <p><u>5. Hamneområde ved Rongesundet</u> Dagens funksjon vert stadfesta ved at området vert avsett til hamn. Bruken er imidlertid begrensa, og omfanget vert vurdert som lite, truleg også fram i tid.</p>
KONSEKVENNS	<p><u>Tiltak ved Ulvsundet (1):</u> Ubetydeleg konsekvens <u>Tiltak ved Rong sentrum (3):</u> <u>Alternativ nord:</u> Stor positiv konsekvens (god lokalisering og tilpassing av gjestehamn) <u>Alternativ sør:</u> Middels positiv konsekvens (sentrumsnær gjestehamn) <u>Tiltak ved Rongesundet, småbåtanlegg (4):</u> Ubetydeleg konsekvens <u>Tiltak ved Rongesundet, hamneområde (5):</u> Ubetydeleg konsekvens</p>
Tilråding av alternativ gjestehamn ved Rong sentrum, i høve til strandsona	<p>Alternativ nord synest å koma meir positivt ut i høve til lokalisering av gjestehamn enn alternativ sør, ut frå landskapsmessige tilhøve og adkomst frå land. Vind- og straumtilhøve, botn- og djupnetilhøve, adkomst frå sjø og påverknad på badeplassen bør vurderast vidare i områdeplanen. Med bakgrunn i dette vert følgjande alternativ tilrådd i kommunedelplanen: Alternativ nord.</p>

7.1.4 Kulturmiljø



Naust- og sjøbumiljø på Rongøy. (Foto: Rambøll)

Innanfor planområdet er det sju registrerte lokalitetar med m.a. automatisk freda kulturminne på land. Der er også eit marint kulturminne, og dessutan ei rekkje SEFRAK-registrerte bygningar. I tillegg til dette er det tre separate kulturmiljø med naust innanfor planområdet, og fleire gardstun med intakte tun og enkeltbygg.

Fornminne, m.a. automatisk freda kulturminne

På Rong er det fem funn av fornminne og på Ormhilleren er det to funn, jf. kort skildring av kvart funn, og kart med nummerering 1-7 nedanfor. Det er opplyst at funn nr. 1, 4 og 5 er frigjeve i samband med utbygging.

1. Funnstad - eit lausfunn.

Funnet er fjerna/deponert i samband med vegarbeid.
Vernestatus: Uavklart.

2.. Busetjings- og aktivetsområde - eit busetjingsspor.

Det er funne spor etter busetjing frå slutten av eldre steinalder på vestsida av det markante daldraget opp frå sjøen. Her er tidlegare jordbruksland og innmark. Frå gammalt av var dette einaste vegen ut i den tidlegare Austmarka, som var utmarksbeite for Rong. Terrenget er i dag prega av vegfyllinga, Fv 226, som deler det nord-sør gående draget i to. Storleiken kan setjast til 6x10 m i sør og vel 8x10 m i nord. Vel 8x15 m er i dag teke av vegen. Her er m.a. funne råstoff av ulike bergartar.

Vernestatus: Automatisk freda

3. Busetjings- og aktivetsområde - eit busetjingsspor.

Mellom berget og noverande bedehus ligg det ein lokalitet som har vore aktivetsplass i strandsona, truleg mot slutten av yngre steinalder. Området er vel 40 m² og her er hovudsakleg funne små flintavslag og nokre bitar slått kvartsitt.

Vernestatus: Automatisk freda

4. Busetjings- og aktivetsområde - ein buplass, to eldstader.

Her vart det gjort ei mengde funn på ei nordvestvendt hylle i terrenget, med varierte reiskapar og m.a. eit stort antal pilespissar. Eldstadane var frå førromersk jernalder.
Vernestatus: Automatisk freda

5. Gravminne - ei røys.


Ved undersøkingane av denne røysa, vart det klart at det var ein naturleg bergknaus med nokre få lause steinar oppå, og haugen vart avskreven som automatisk freda kulturminne. Røysa har tidlegare vore større. Den har tynt dekke av torv og lyng. Kratt av kystfuru like ved gjer kulturminnet lite synleg. Det ligg sør for vegen ved Rong sentrum. Røysa er frå jernalderen.
Vernestatus: Ikkje freda. Skada

6. Busetjings- og aktivitetsområde - ein buplass.

Området ligg i grøfta ved vegen til Ormhilleren, mellom vegen og bergveggen. Her er det gjort funn av ei flintøks, keramikk, skjell og bein/beinreiskap i den mørke kulturlagsjorda, primært der bergveggen har overheng.
Vernestatus: Automatisk freda. Skada.

7. Busetjings- og aktivitetsområde - åtte enekeltminne: ei hustuft og sju båtdrag.

Her er det ei open steinfjøre tilgrodd med lyngtorv og eit bratt berg i nord. Under dette er det ei lang rad med større steinar. Sør for denne rada ligg det ei hustuft 12 m opp fra torvranda ved sjøen. Tufta er utvendig 8x8 m. Både nord og sør for tufta ligg det tre kryppinn i form av underbygde heller som gav ly. Det seiest at desse har vore i bruk oppunder vår tid. Lengst i sør på stranda er dei største og tydelegaste båttoppdraga, ca 10 m lange.
Vernestatus: Automatisk freda.



Fornminne og marint kulturminne (M), Rong. (Kjelde: Askeladden/Kulturminnesøk, Riksantikvaren).



Forminne Ormhilleren. (Kjelde: Askeladden/Kulturminnesøk, Riksantikvaren).

Marint kulturminne (M)


Det er eit marint kulturminne i området, jf. pkt. M i kart ovanfor;

Fiske- og fangstsystem - ein kai/brygge

Anlegget er ein ca 30 m lang og ca 80 cm breid kastegard langs Austevågen og ut til eit naturskjer, for å dra nota opp frå båtar som låg festa. Opparbeiding og alder er ukjent. Lokal informant seier at far hans (f. 1885) ikkje hugsar noko om korleis den vart til; dvs den er truleg over hundre år. Kastegarden vart registrert i samband med oppstart av reguleringsplan i området. I 2006 var tilstanden intakt, men der er skade med heller som er borte på toppen.

SEFRAK-registrerte bygg (før 1900)

Det er registrert ei rekkje bygg og anlegg på Rong frå før år 1900, som bustadhus/våningshus, lør, sjøbuer, naust, jordkjellar etc. Dei er vist på kart nedanfor, og er inndelt i tre grupper: meldepliktige bygning ved riving/ombygging, anna bygning og ruin/fjerna bygning. I gruppa meldepliktig bygning er det kun ein bygning som ligg innanfor areal som i kommunedelplanen er avsett til ny bustadutbygging. Det er våningshuset på eit av hovudbruka, gnr 38 bnr 2.



SEFRAK-registrerte bygg, samt naustmiljø og gardstun innanfor planområdet.

Raud trekant = Meldepliktig ved riving/ombygging. Gul trekant = Anna SEFRAK-bygning. Grå trekant = Ruin eller fjerna bygning. (Kjelde: Miljøstatus.no/kart). Meldepliktig bygg i planlagt utbyggingsområde (eit stk.) er innringa med raud sirkel rundt raud trekant. Dette huset ligg også i eit gardstun.

Naustmiljø er innringa med blå sirkel. Gardstun er innringa med svart sirkel.

Kulturmiljø - naust og gardstun

Det er tre heilskaplege naustmiljø i planområdet, jf. kart ovanfor, med samling av eldre og stort sett godt vedlikehaldne naust og sjøbuer. Det er eit område på vestsida av innløpet til Austevågen, eit område heilt innerst i vågen og eit på motsett side av Kvalen, mot vest.

Når det gjeld gardstun, så er det tre slike som bør nemnast i høve til kulturlandskap, og det er tun på bruk 38/2, 38/7 og 38/16. Disse er framleis intakte og heilskaplege, og gjev ei god forståing av historia, uavhengig av dagens bruk og drift. Det er også andre bruk på Rongøy som har eldre tun, men desse er ikkje så tydelege og er meir prega av frådelingar, fortetting og ei blanding av eldre og nyare bygg. Eit av dei tre tuna, på bruk 38/2, vert berørt av utbygging i planen, og her ligg også eit av dei SEFRAK-registrerte husa. Sjå verdi og omfang i samanstillinga nedanfor. Dei to andre tuna vert ikkje direkte berørt, og er ikkje vidare omtala.

Kjelde: Askeladden (fornminne)
Kulturminnesøk, Riksantikvaren (fornminne)
Miljøstatus.no (SEFRAK)
Eigne registreringar

Kulturminne-samanstilling	
Verdi av område	<p><u>Fornminne</u> Av fornminne som ikkje allerede er berørt av utbygging, er det kun eit forninne ovanfor som kan tenkjast å verta påverka av tiltak i planen, og det er område <i>3 Busetjings- og aktivitetsområde - eit busetjingsspor</i> nord for bedehuset. Alle automatisk freda kulturminne har i utgangspunktet høg verdi, også dette.</p> <p><u>SEFRAK-bygning</u> SEFRAK-registeret er kun basert på alder av bygg, ikkje verdi eller andre kriteria. Tredelinga i registeret gjev likevel ein peikepinn på kva bygg som bør få ei nærare vurdering ved riving/ombygging. Desse bygga kan karakteriserast som å ha noko større verdi enn dei øvrige bygga i registeret. Det er eit hus i denne kategorien som vert berørt av utbyggingstiltak i planen, og det har ut frå vurderinga ovanfor ein viss verdi. Likevel kan liknande type hus i planområdet, og som ikkje vert berørt av utbygging, representera denne type hus. Huset i kategorien meldepliktig ved riving/ombygging vert ut frå dette vurdert til å ha middels verdi.</p>
Omfang av tiltak	<p><u>Fornminne</u> Området mellom berget og bedehuset er avsett til LNF-område i planen og sjangsen for at det vil verta påverka av tiltak er i første omgang liten. Det vil ikkje vera noko omfang av påverknad i dagens situasjon, sjølv om dette restarealet fram i tid kan verta utsett for press.</p> <p><u>SEFRAK-bygning</u> Under føresetnad av at bygningen vert bevart ved ei evt. detaljregulering, vert tiltak i planen vurdert til å ha lite/ikkje noko omfang.</p>
KONSEKVENNS	<p><u>Tiltak i høve til fornminne:</u> Ubetydeleg konsekvens <u>Tiltak i høve til SEFRAK-bygning:</u> Ubetydeleg konsekvens</p>

7.2 Naturressursar


7.2.1 Landbruk



Karakteristisk jordbrukslandskap på Rongøy. (Foto: Rambøll)

På Rongøy er det fire område på Kvalen og Haugatun som er definert som jordbruksareal. Det er innmarksområde fordelt på m. a. fleire av dei gamle hovudbruka på Rong. Jf. omtale og kart nedanfor.

1. Området ligg i midtre del av Haugatun og vert brukt til beitemark for sauer. Arealet er ein teig av bruk 38/7. Det er ca 13 daa.
2. Området ligg sør og vest for Rong barneskule. Deler av området vert brukt til beiteareal for hestar, og består elles av mykje berg og knausar. Det består av fleire teigar; del av bruka 38/1 og 38/9, og i tillegg eigedomane 38/594 og 38/597. Området er ca 16 daa.
3. Dette området ligg sør og aust for Rong barneskule, og deler av området grensar til Skitvika i aust. Området består av både slåttemark og beitemark for sauer. Det utgjer m. a. hovudteigen og det næraste arealet rundt bygningane på bruk 38/7, og to mindre teigar av bruka 38/6 og 38/8. Området er ca 19 daa.
4. Dette er det største jordbruksområdet og ligg søraust på Kvalen. Det består av slåttemark og beitemark for sauer. Det utgjer bruk 38/4 og mesteparten av bruk 38/6, samt enkelttomta 38/570 og ein sameigeparsell langs sjøen i sør, delt mellom bruka 38/3, 4, 6 og 7. Heile området er ca 55 daa.



Jordbruksareal på Rongøy. Innmark som vert berørt av utbygging er innringa med raudt.

(Kjelde: Øygarden kommune, kart bearbeida av Rambøll)

Når det gjeld skogs- og utmarksområda, så er det barskog på Arseta og nord for Rong senter mot Ulvsundet. Desse områda er ikkje vurdert som ein del av dagens ressursgrunnlag og er ikkje vidare utgreia.

*Kjelder: Jordbrukskart, Øygarden kommune
Landbruksplan for Fjell, Sund og Øygarden 2010-2014*

Landbruk-samanstilling	
Verdi av område	<p>Jordbruksområda er hovudsakleg brukt til grasproduksjon og ikkje anna type dyrking, og til beiteområde i samband med sauehald. All jordbruksaktivitet er småskala- og deltidsbasert. Bruka er små og tildels i fleire teigar. Dette medfører at bruka er noko tungdrevne, sjølv om landskapet er småkupert og flatt mange stader. Jordsmonnet er generelt skrint, men med betre lokalt jordsmonn enkelte stader.</p> <p>Områda har lokal verdi, og verdi for den enkelte eigar og brukar. Samla sett er områda likevel vurdert til å ha liten jordbruksmessig verdi ut frå</p>

	dagens føresetnader for ei moderne og rasjonell driftsform. Dette gjeld også for det eine registrerte jordbruksområdet som vert sett av til bustadbygging; sørvestleg del av område 2, del av bruk 38/1.
Omfang av tiltak	Omfanget er stort lokalt sett i høve til arealet, sidan heile den berørte teigen på bruk 38/1 vil utgå som mogleg dyrkings- eller beitemark dersom det vert bygd på denne staden.
KONSEKVENNS	<u>Tiltak ved Kvalen:</u> Liten negativ konsekvens (bygging på ein mindre innmarksteig)

7.2.2 Marine ressursar




Anlegget til Scalpro AS, kamskjellklekkeriet ved Ulvsundet. (Fotokjelde: Øygarden kommune)

Desse ressursane omhandlar havbruks- og fiskerianlegg, som klekkeri, setjefiskanlegg, ulike matfiskanlegg, skjelanlegg, og fiskemottak/fiskeindustri. Jf. kart nedanfor.

Sjøareal på austsida av Rongøy frå Storevarden og nordover til Ivarholmen inn mot Ulvsundet er vist som område eigna for fiskeoppdrett. Det er også vist eit lite område aust for Rong senter med botnkultur eigna for kamskjell. På austsida er det/har det vore skjelanlegg og matfiskanlegg. På neset aust for Arseta er det lakseplass. Ved Ulvsundet bru er det eit kamskjellklekkeri på land; Scalpro AS. Sjøområdet sør for Breivika i vest er også eigna for fiskeoppdrett. Ute i Rongesundet søraust for Ormhilleren er det eit område med botnkultur eigna for kamskjell og sør for dette eit skjelsandområde.

Planen legg ikkje opp til etablering av nye akvakulturanlegg. Konsekvensar av evt. nye anlegg må utgreiast i samband med konsesjonshandsaming.

*Kjelder: Eigne registreringar, Øygarden kommune
Regiondirektøren i Hordaland.
Kontakt med eigar av ScalproAS.*



Temakart fiske og akvakultur.

(Kjelde: Øygarden kommune)

TEIKNFORKLARING

- Område eigna for fiskeoppdrett
- Område eigna for fiskeoppdrett med ny teknologi
- Område eigna for botnkultur kamskjell
- Skjelsandkonsesjon

- Laksepass

- Klekkeri og setjefisk**
 - Mellombels konsesjon
 - Permanent konsesjon

- Matfiskanlegg laks / aure**
 - Mellombels konsesjon
 - Permanent konsesjon

- Matfiskanlegg marine arter**
 - Mellombels konsesjon
 - Permanent konsesjon

- Skjelanlegg**
 - Mellombels konsesjon
 - Permanent konsesjon
 - Notvaskeanlegg
 - Slakte- og pakkeanlegg
 - Setjefiskanlegg laks
 - Skjel-klekkeri

- Fiskemottak
- Fiskeindustri / vidareforedling
- Planlagt fiskerihamn

Kjelder :

Eigne registreringar (laksepl., fiskeribedr., planl. hamn)
 Regiondirektøren i Hordaland (gyteomr. mm)

Marine ressursar-samanstilling	
Verdi av område	Dei viste områda på kartet som er eigna for ulike type akvakultur, er alle vurdert til å ha stor verdi for denne type verksemder, med unntak av det vesle området aust for Rong sentrum med botnkultur eigna for kamskjell. Dette vert vurdert som for sentrumsnært, marginalt og lite viktig samanlikna med dei store botnkulturane for kamskjell vest og sør for Rongøy. Det har difor svært liten verdi i denne samanhengen.
Omfang av tiltak	Av dei viste områda er det to område som vert påverka av tiltak i planen: <u>Aust for Rong sentrum</u> Det er planlagt gjestehamn i dette området, og tiltaket vil utelukka bruk av området i høve til kamskjell. Omfanget vert difor vurdert som middels negativt i høve til den vesle lokaliteten.

	<p><u>Ulvsundet</u> Småbathamn der dagens kamskjellklekkeri er lokalisert, vil i utgangspunktet kunna kombinerast med ei vidare drift av klekkeriet, dersom dette er ønskeleg. Klekkeriet er primært landbasert, og dei hentar sjøvattn til produksjonen frå andre sjøområde, der det også er mogleg med utsetting når dette er aktuelt. Tiltaket vil difor medføra lite eller ikkje noko omfang for klekkeriet.</p>
KONSEKVENNS	<p><u>Tiltak aust for Rong sentrum:</u> Ubetydeleg konsekvens <u>Tiltak i Ulvsundet:</u> Ubetydeleg konsekvens</p>

7.3 Samfunn

7.3.1 Friluftsliv



Ormhilleren friluftsområde. (Fotokjelde: Google/Bilder)

Ormhilleren er det einaste sikra friluftsområdet innanfor planen. Det er også sju andre registrerte område av verdi for friluftslivet. Under følgjer oversyn over type bruk, med nummerhenvising til kart.

I planområdet er det fleire fiskeplassar i sjø, og det er vist ein ankringsplass for småbåtar inne i Austevågen. Det er også padlerute for kajakk rundt Rongøy. Desse aktivitetane vert truleg ikkje påverka av planen og er ikkje vidare omtala.

3. Ormhilleren

Bruk: Bading i sjø, båtplass, rasteplass

Dette er eit stort område (150 daa), med barnevenleg strand med skjelsand, fine svaberg, fortøyingsboltar og gode tilhøve for stongfiske og telting. Det er parkeringsplass for 25 bilar ved Fv 561, toalett og informasjonstavle ved parkeringsplassen og ein 500 m lang gangveg til

badeplassen. Vidare er det tursti gjennom området under Rongesundbrua, og mogleg med parkering på den gamle ferjekaien ved Rongesundet. Her er det også offentleg utsettingsrampe for småbåtar. Området er karakterisert som eit regionalt svært viktig friluftsområde.

8. Breivika

Bruk: Bading i sjø, båt plass

40. Svarteviktjørna

Bruk: Nærområde

41. Arseta

Bruk: Turområde-sommar, nærområde

42. Storevarden

Bruk: Turområde-sommar, nærområde

55. Sandvikja


Bruk: Bading i sjø

56. Sonnevikja

Bruk: Bading i sjø

57. Medarseta

Bruk: Turområde-sommar, nærområde



Temakart Friluftsliv. Svart skravur er sikra friluftsområde. Grøn skravur er område av verdi for friluftslivet. Fisksymbol er fiskeplassar i sjø. Blå prikk er ankringsplass for småbåtar

(Kjelde: Kommuneplan for Øygarden)

Kjelder:

Bergen og Omland Friluftsråd

Kommuneplan for Øygarden

Område for friluftsliv, Kartlegging og verdsetting av regionalt viktige område i Hordaland (2008)

Friluftsliv-samanstilling	
Verdi av område	<p><u>Breivik (8)</u> er ein lokal stad med god tilgang til sjø og samtidig ei lun vik med gode badetilhøve og plass for småbåtar. Verdien vert sett til middels.</p> <p><u>Svarteviktjørna (40)</u> er eit naturprega nærområde til ungdomsskulen, med den einaste ferskvasstjørna i området. Verdien vert sett til middels til stor.</p> <p><u>Storevarden (42)</u> er nærmiljøet til dagens byggjefelt, og verdien vert sett til middels.</p> <p><u>Arseta (41) og Medarseta (57)</u> er i ei særstilling i på Rongøy, som einaste høgdedrag i området og viktige turmål på kvar si side av Fv 561. Begge områda vert vurdert til å ha stor verdi.</p>
Omfang av tiltak	<p><u>Breivik (8)</u>: Alle tiltak av eit visst omfang i dette området vil påverka bruken av området i høve til friluftsliv, men verknadane vil kunna oppfattast ulikt; tildels avhengig av konkret lokalisering og storleik. Naust</p>

	<p>og småbåtanlegg vil privatisera deler av området og begrensa allmenn bruk og tilgang til sjøen, og området kan opplevast som forringa. Samtidig vil tiltak også kunna gjera området meir attraktivt og tilgjengeleg for fleire brukargrupper i høve til utøving av friluftsliv. Derfor vert negativt og positivt omfang vurdert til å oppvega kvarandre, og omfanget vert sett til lite/ikkje omfang i høve til friluftslivet. Omfanget er her vurdert likt for dei to alternativa Breivika nord og Breivika sør, jf. kart kap. 6.4.2. Breivika sør ville isolert sett truleg medført eit større omfang, men då framleis både i positiv og negativ retning.</p> <p><u>Svarteviktjørna (40)</u> ved Rong ungdomsskule, og dei næraste omgjevnadane til tjørna, vil utgå som eit naturbasert nærområde til skulen og sentrumsområdet generelt, dersom fleirbrukshallen vert bygd slik utkastet ligg føre. Utkast til fleirbrukshall ved Svarteviktjørna er ikkje eit tiltak som følgje av kommunedelplanen i seg sjølv, men den er omfatta av Rong sentrumsområde som vert regulert i eigen prosess. Konsekvensutgreiinga i denne kommunedelplanen skal også omfatta sentrumsområdet, og fleirbrukshallen vert difor omtalt her: Sjølv om dagens skisser til hall legg til rette for vatn som element, saman med opparbeiding av uteområda ved hallen, vert ikkje dette vurdert til å vega opp for det negative ved at den naturlege tjørna vert borte. Tiltaket vert difor vurdert til å ha eit stort negativt omfang i høve til tjørna og vidare bruk av området i friluftslivssamanheng.</p> <p><u>Storevarden (42)</u> si utbygging vidare nordover (regulert) frå dagens bustadfelt, vil føra til at område vist som friluftsområde vil utgå. Etter at området er utbygd vil det vera mogleg med turtrasé internt i området og i grøntområdet langs sjøen i aust. Det er også mogleg å gå tur lenger nord på denne sida av Fv 561, dersom dette området vert uberørt fram i tid. Difor vert omfanget av ei utbygging vurdert til å vera lite/ikkje omfang.</p> <p><u>Arseta (41) og Medarseta (57):</u> For desse to turområda vil tiltak som ligg nær opptil områda, og spesielt på nordsida mot Rong sentrum, kunna påverka områda i høve til stiar og tilgang ut i naturen. Med god detaljplanlegging og ved å unngå at utbygging medfører barrierar, vert omfanget her vurdert til å vera lite/ikkje omfang.</p>
KONSEKVENNS	<p><u>Tiltak ved Breivika (8):</u> Ubetydeleg konsekvens <u>Tiltak ved Svarteviktjørna (40):</u> Stor negativ konsekvens (nedbygging av naturleg tjørn og området rundt) <u>Tiltak ved Storevarden (42):</u> Ubetydeleg konsekvens <u>Tiltak ved Arseta (41) og Medarseta (57):</u> Ubetydeleg konsekvens</p>

7.3.2 Trafikk og veg




Ungdom som kryssar Fv 561 like nord for Rong senter. (Foto: Rambøll)

For generell omtale av dagens situasjon, støy etc. vert det vist til eige kapittel 4.2.

Dagens hovudveg Fv 561 over Rongøy har tilsaman åtte kryss og avkøyrslar. Desse er som følgjer, rekna frå nord til sør, jf. kart nedanfor:

1. Kulturhuset (avkøyrslar)
2. Rong senter (to T-kryss, definert som eitt kryss på hovudvegen, bind også saman intern trafikk vest-aust på den nordlege delen av Rongøy)
3. Arseta vest (avkøyrslar)
4. Arseta aust (avkøyrslar)
5. Separat eigedom på austsida (avkøyrslar)
6. Austmarka (avkøyrslar)
7. Raudhammaren og Storevarden (to T-kryss, definert som eitt kryss på hovudvegen, bind også saman intern trafikk vest-aust på den sørlege delen av Rongøy, men i mindre grad enn i nord ved Rong senter)
8. Ormhilleren friluftsområde (avkøyrslar)



Dagens kryss og avkøyrsler på Rongøy. (Kart: Rambøll)

Trafikksikringsplanen for Øygarden gjev eit bilete av dagens trafikksituasjon og peikar på fleire konkrete stader og tilhøve der det er behov for lokale utbetringar og oppgraderingar. Den inneheld også ei tiltaksliste. For Rongøy gjeld følgjande status/behov:


- tilhøva ved Rong skule (barneskulen), med inn- og utkøyring og bringing/henting
- gangfelt ved kulturhuset
- fartsgrensereduksjon på Fv 561 sør på Rongøy, samt autovern mot g/s-veg
- lysregulering/flytting av gangfelt ved Rong senter
- oppgradering av Nygardsvegen, med gangfelt, fartshumpar, skilting for fartsgrense og skilting for skuleveg
- fartsreduksjon på lokalveg inn til Storevarden
- siktilhøve frå nord på Tjødnarvegen, mot rådhuset

Kjelde: Trafikksikringsplan Øygarden kommune, 2012-2016

Vurderingane nedanfor er i motsetning til Trafikksikringsplanen meir overordna, og det er lagt vekt på dei generelle og langsiktige konsekvensane av ulike tiltak og planlagt arealbruk på Rongøy. Dette er mest hensiktsmessig på kommunedelplan-nivå. Nokre av tiltaka har samanhang med tiltak opplista i Trafikksikringsplanen, men dei har mindre fokus på lokale tilhøve og enkelttiltak. Desse vert konkret handsama og utgreia på område- og detaljplannivå og ved seinare utbygging.

Alternative vurderingar


Det er vurdert to ulike løysingar for hovudvegen over Rongøy fram i tid, på strekninga mellom Arseta og Rongesundet; ei løysing basert på lokalt tilpassa kryssløysingar (Alternativ 1) og ei løysing med utgangspunkt i Statens vegvesen sine vurderingar (Alternativ 2). Det vert synt til kart og punkt nedanfor.



Alternativ 1 (lokalalternativ). Gul strek er lokalisering av planfri kryssing for g/s-trafikk og er lik for begge alternativa. Avkøyrsløse til kulturhuset og rundkøyring ved Rong sentrum er også lik for begge alternativa. (Kart: Rambøll)

Alternativ 1 (kommunen) inneheld følgjande tiltak:

1. T-kryss sør for Arseta, med mogleg framtidig undergang/veg under Fv 561 til austsida
2. Rundkøyring ved Austmarka
3. Rundkøyring mellom Storevarden og Raudhammaren
4. Passeringslomme ved Ormhilleren



Alternativ 2 (Statens vegvesen). Gul strek er lokalisering av planfri kryssing for g/s-trafikk og er lik for begge alternativa. Rundkøyring ved Rong sentrum er også lik for begge alternativa. (Kart: Rambøll)

Alternativ 2 (Statens vegvesen) inneheld følgjande tiltak:

1. T-kryss sør for Arseta, med mogleg framtidig undergang/veg under Fv 561 til austsida
2. T-kryss mellom Storevarden og Raudhammaren
3. Avkøyrsløse til Ormhilleren via g/s-veg frå nord

Vegvesenet er på sikt innstilt på at det kun skal vera eitt T-kryss på strekninga Arseta-Rongesundet.

Uavhengige tiltak i høve til dei to alternativa, desse gjeld for begge:

- Avkøyrsløse i nord ved kulturhuset, vert vurdert nærare i områdeplanen for Rong sentrum
- Gangbru mellom ungdomsskolen og idrettsplassen
- Rundkøyrløse Rong sentrum
- 2 planfrie g/s-kryssingar (gangbru, evt. undergang) mellom Arseta og Rongesundet

Trafikk og veg-vurdering	
Viktige punkt og strekningar på dagens vegsystem	<p>Nokon område kan vurderast til å vera meir utfordrande enn andre på grunn av kombinasjonar av t.d. fartsgrense, kryss og avkøyrsløse, standard på veg og hyppige kryssingar av gåande/syklende.</p> <p>Følgjande situasjonar er vurdert som spesielt viktige:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Avkøyrsløse i nord ved kulturhuset • Kryss ved Rong senter • Avkøyrsløse sør for Arseta • Kryss ved Storevarden og Raudhammaren • Avkøyrsløse til Ormhilleren
Intensjon og omfang av tiltak i planen	<p>Det som er intensjonen med trafikkdelen av planarbeidet er å sikra god trafikkavvikling og betra tryggleiken på Fv 561. Det skal samtidig sikrast ei god trafikkavvikling lokalt mellom vest og aust. Kryssande lokaltrafikk på Rongøy er viktig for både køyrande og mjuke trafikantar.</p> <p>Når det gjeld avkøyrsløse til kulturhuset, så vil dette verta avklart i områdeplanen for Rong sentrum, med tanke på mogleg alternativ adkomst til kulturhuset og idrettsplassen.</p> <p>Tiltak er føresett å vera i tråd med forventta generell trafikkauke på Fv 561 og trafikkauke som følgje av framtidig fortetting og utbygging av Rong senter og nye bustadområde. Planforslaget legg føringar for dimensjonering og utbyggingsrekkefølge for vegar/kryss og g/s-system, ved at det er lagt inn krav i føresegnene om dette.</p> <p><i>Alternativ 1</i></p> <p>Dette alternativet legg opp til eit T-kryss og to rundkøyrløse, i tillegg til passeringssløme ved Ormhilleren, dvs tilsaman fire kryss mellom Arseta og Rongesundet. For T-krysset kan det vera aktuelt med ei halvvegs planfri kryssløysing, med T-kryss på ei side av hovudvegen og veg i kombinasjon med g/s-veg under hovudvegen til den andre sida, uavhengig av kva side krysset ligg på. Rundkøyrløse medfører fartsreduksjon gjennom kryss, saman med tiltak som t.d. fartsdumpar. Alternativet gjev grunnlag for lågare fartsgrenser over lengre strekningar enn i dag, og tryggare adkomst til Ormhilleren på store utfartsdagar. Alternativ 1 tek omsyn til lokaltrafikk på ein balansert måte, utan at dette går vesentleg ut over gjennomgangstrafikken.</p> <p><i>Alternativ 2</i></p> <p>Dette alternativet har to T-kryss mellom Arseta og Rongesundet. Adkomsten til Ormhilleren er tenkt via g/s-vegen på vestsida av Fv 561. Det kan også her vera aktuelt med halvvegs planfri kryssløysing, som i Alternativ 1. Løysinga legg ikkje opp til fartsreduksjon i like stor grad og gjennomgangstrafikken er meir prioritert, enn i Alternativ 1. Lokaltrafikken får større intern avstand til kryssingspunkt og til hovudvegen, og</p>

	adkomsten til Ormhilleren vert ikkje optimal.
KONSEKVENNS	<p><u>Tiltak for veg/kryss:</u> Reduksjon i antal kryss, utbetringar og ny samleveg i Austmarka-området er ei løysing som er basert på to omsyn: trafikkavviklinga vert betre for gjennomgangstrafikken og det vert rydda i lokaltrafikken, med betre tryggleik som resultat. Konsekvensen av kvart enkelt tiltak vert generelt positivt, og ved gjennomføring av tiltak over tid vert konsekvensane gradvis meir positive for gjennomgangstrafikken og for lokaltrafikken på Rongøy. Konksekvensane vert positive av begge alternativa. Alternativ 1 er mest positivt med tanke på lokaltrafikk og fartsreduksjon. Alternativ 2 er mest positivt for gjennomgangstrafikken.</p> <p><u>Tiltak for g/s-system:</u> Etablering av gangbru mellom ungdomsskulen og idrettsplassen, og planfrie kryssingar, sør for Arseta vil betra intern kommunikasjon både mellom noverande område og for framtidig utbygging, for alle mjuke trafikantar. Dess tidlegare tiltak vert gjennomført, dess betre vert nytteeffekten over tid. Konsekvensane er like av dei to alternativa i høve til g/s-systemet.</p>
Tilråding av vegalternativ	Med bakgrunn i best moglege tilhøve for gjennomgangstrafikken og ønskje om færre kryss på hovudvegen, vert følgjande alternativ tilrådd som løysing i kommunedelplanen for Fv 561 over Rongøy: Alternativ 2.

7.3.3 Barn, unge, funksjonshemma og eldre.



Rong senter, som er mykje brukt til opphald og gjennomgang, både av unge og andre grupper. (Foto: Rambøll)


Desse gruppene er slått saman fordi dagens tilhøve og fleire av dei framtidige tiltaka i planen kan vera av felles interesse for gruppene. Det gjeld tilgang til og bruk av areal, tryggleik og universell utforming av ulike område.

Dei utførte barnetråkkregistreringane for Øygarden kommune dannar grunnlaget for skildring av dagens situasjon i høve til gruppa barn og unge. For Rongøy er registreringane gjort av elevar ved Rong skule (barneskule) og Øygarden ungdomsskule. Registreringane er gjort innanfor fire hovudtema, med tilhøyrande samlekart og liste for kvart tema:

- barneveg
- leik og opphald
- problem/favorittstader
- skulebruk

I registreringane kjem det fram kor mange som har svart innanfor kvart tema, kva fysiske område og situasjonar det er mest fokus på samla sett og kva dei opplever som positivt eller negativt med området. Dette gjev tilsaman eit bilete av kva område som synest å vera mest viktig for brukargruppa, og det er i desse områda tiltak i planen vil ha dei tydelegaste konsekvensane.

Rong-Leike- og opphaldsområder 2010



Nummer på temakart refererer til oppsummeringsliste, kommentarer i notat.

Døme på temakart for Rongøy, med tema leik og opphald. (Kjelde: Barnetråkkregistrering for Øygarden kommune, Rambøll 2010)

Barnetråkkregistreringane for Rongøy er oppsummert i ei liste med tilsaman 54 punkt.

Kjelde: Barnetråkkregistrering Øygarden kommune

Det er i vurderingane nedanfor lagt vekt på dei langsiktige konsekvensane. Konkrete tiltak vert handsama og utgreia på område- og detaljplannivå og ved seinare tilrettelegging.

Barn, unge, funksjonshemma og eldre-vurdering	
Viktige område	<p>Tre område peikar seg ut og kan karakteriserast som viktigare enn andre, ved at registreringane innanfor desse områda gjev utslag for fleire tema, som barneveg, leik/opphald og problem/favorittstader. Det er relativt mange registreringar her samanlikna med andre område. Samtidig er dette område der det er planlagt tiltak i planen. Dei tre områda er:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kulturhuset/idrettsplassen • Rong senter/bensinstasjonen • Månetoppen; badeplassen nedanfor rådhuset <p>• I tillegg er det eit område innanfor dette temaet som er vurdert slik at det bør nemnast særskilt. Det er Svarteviktjørna ved Øygarden ungdomsskule, der det er knytt registreringar til bruken av tjørna til skøyting vinterstid. Den har også vore brukt til dette tilbake i tid. Tjørna vert vurdert på spesielt grunnlag, sidan den er den einaste naturbaserte staden der det er mogleg å driva ein relativt sjeldan aktivitet som skøyting og som samtidig ligg sentralt.</p> <p>• Det er også eit område som kun gjev utslag innanfor tema barneveg, og det er kryssområdet langs Fv 561 ved Storevarden og Raudhammaren. Dette kan indikera at mange er opptekne av ferdsle langs veg og tryggleik ved kryssing av veg. Kryssområdet bind saman bustadfelta sør på Rongøy.</p> <p>Med det grunnlaget som ligg føre i registreringane i høve til bruks- og opphaldsintensiteten, samt tilleggsvurdering ut over dette, er alle dei fem nevnte områda ovanfor vurdert til å ha stor verdi.</p>
Intensjon og omfang i planen	<p>Ei generell opprusting av områda, i form av fortetting, tryggleikstiltak, utforming og tilrettelegging, samt etablering av grøntkorridorar, vil i større eller mindre grad vera av eit positivt omfang. Planlagt flerbrukshall har også eit positivt omfang i seg sjølv i høve til brukargruppene, men har eit negativt omfang i høve til lokalisering og bruk av tjørna ved ungdomsskulen.</p>
KONSEKVENNS	<p><u>Tiltak generelt:</u> Ei gradvis utvikling og opprusting av område og enkeltsituasjonar vil føra til større bruksmuligheiter for ferdsel og opphald, og færre barrierar. Dette vil gje grunnlag for identitetsskaping og meir attraktive stader. Kontakt mellom ulike funksjonar, som skule, bustadområde, forretningar og offentleg tenesteyting vil her vera ein positiv konsekvens for alle grupper i befolkninga.</p> <p><u>Tiltak ved Svarteviktjørna ved Øygarden ungdomsskule</u> Konsekvensen av planlagt fleirbrukshall vil vera at Svarteviktjørna ikkje lenger kan brukast til skøyting for barn og unge.</p>

8. SAMANSTILLING AV KONSEKVEN SAR

8.1 Oversyn konsekvensar

Tabellen under gjev eit samla oversyn over konsekvensane for dei ulike tema.

<i>Miljø</i>	
1. Biologisk mangfald, dyre- og planteliv	<p><u>Tiltak ved Rong sentrum:</u> Liten negativ konsekvens (utbygging i hekkeområde)</p> <p><u>Tiltak Alternativ Breivika sør:</u> Middels til stor negativ konsekvens (småbåtanlegg m/naustrekkje og adkomst)</p>
2. Landskapsbilete	<p><u>Tiltak i Rong sentrum:</u> Middels til stor positiv konsekvens (fortetting generelt) Middels negativ konsekvens (lokalisering fleirbrukshall)</p> <p><u>Tiltak i Kvalen og Haugetun:</u> Middels negativ konsekvens (større bustadutbygging på Kvalen)</p> <p><u>Tiltak Alternativ Breivika sør:</u> Middels negativ konsekvens (småbåtanlegg m/naustrekkje og adkomst)</p>
3. Strandsona	<p><u>Tiltak ved Rong sentrum:</u> <u>Alternativ nord:</u> Stor positiv konsekvens (god lokalisering og tilpassing av gjestehamn)</p> <p><u>Alternativ sør:</u> Middels positiv konsekvens (sentrumsnær gjestehamn)</p>
4. Kulturminne	Ubetydelege konsekvensar
<i>Naturressursar</i>	
5. Landbruk, jord og skog	<p><u>Tiltak ved Kvalen:</u> Liten negativ konsekvens (bygging på ein mindre innmarksteig)</p>
6. Marine ressursar	Ubetydelege konsekvensar
<i>Samfunn</i>	
7. Friluftsliv	<p><u>Tiltak ved Svarteviktjørna:</u> Stor negativ konsekvens (nedbygging av naturleg tjørn og området rundt)</p>
8. Trafikk og veg	<p><u>Tiltak for veg/kryss:</u> Generelt positiv konsekvens over tid for</p>

	<p>tryggleik, lokaltrafikk og gjennomgangstrafikk (samandrag)</p> <p><u>Tiltak for g/s-system:</u> Positivt med både snarlege tiltak og tiltak over tid, med planfrie kryssingar mellom ungdomsskulen og idrettsplassen, og sør for Arseta (samandrag)</p>
9. Barn, unge, funksjonshemma og eldre	<p><u>Tiltak generelt:</u> Positivt med gradvis opprusting av stader, med større bruksmuligheter, færre barrierar og betre kontakt mellom ulike funksjonar som resultat (samandrag)</p> <p><u>Tiltak ved Svarteviktjørna ved Øygarden ungdomsskule:</u> Konsekvensen av planlagt fleirbrukshall vil vera at Svarteviktjørna ikkje lenger kan brukast til skøyting for barn og unge.</p>

8.2 Positive konsekvensar

Samanstillinga syner at dei mest positive konsekvensane av kommunedelplanen er av generell karakter, med unntak av gjestehamna ved Rong sentrum, som er eit konkret, stadfesta tiltak . Samtidig er dette konsekvensar som vil gjera seg gjeldande gradvis over tid. Dei positive konsekvensane er som følgjer:

- fortettinga som det vert lagt opp til i Rong sentrum
- utbetring av vegar og kryss
- utbetring av g/s-system
- oppgradering av område og kontakt mellom funksjonar for ulike grupper i befolkninga
- gjestehamn ved Rong sentrum

Desse tilhøva heng i stor grad saman, sidan tiltak vil slå positivt ut på fleire måtar. Eit døme på dette er at ei gangbru over Fv 561 mellom ungdomsskulen og kulturhuset/idrettsplassen, som i utgangspunktet er eit trafikksikringstiltak, vil vera positivt for ulike befolkningsgrupper og bidra positivt i utviklinga av eit heilskapleg sentrumsområde.

8.3 Negative konsekvensar

Dei negative konsekvensane av kommunedelplanen ligg i spekteret liten-middels-stor negativ konsekvens. Kun eitt tiltak er vurdert til å få klart stor negativ konsekvens og kun for eitt tema; den planlagte fleirbrukshallen i høve til friluftslivet. Ingen tiltak er vurdert til å medføra den største kategorien; mykje stor negativ konsekvens.

1. To separate tiltak har LITEN negativ konsekvens:
 - utbygging i hekkeområde (biologisk mangfald - Rong sentrum)
 - bygging på innmarksteig (landbruk - Kvalen)
2. Eit separat tiltak har MIDDELS negativ konsekvens:
 - bustadutbygging (landskap - Kvalen)
3. To tiltak har ulike negative konsekvensar for henholdsvis to og tre ulike tema

- naust med adkomst og småbåtanlegg i Breivika
Alt. Breivika sør (biologisk mangfald - MIDDELS TIL STOR)
(landskap - MIDDELS)
- skissert fleirbrukshall (landskap - MIDDELS)
(friluftsliv - STOR)
(barn og unge - IKKJE GRADERT)

9. TILRÅDING

9.1 Avbøtande tiltak og tilpassing

1. For tiltak som medfører liten negativ konsekvens, vert det vurdert til å vera begrensa behov for avbøtande tiltak. I plankrava for Rong sentrum bør det innarbeidast eit generelt punkt om at det bør takast omsyn til naturkvalitetane i området, dvs hekkeområdet. Det er elles mogleg å bevare delar av dette området, sjølv om det ikkje er formelt ivareteke i denne kommunedelplanen. For innmarksteigen på Kvalen er det ikkje behov for krav om detaljplan, og her vil ei evt. frådeling og utbygging kunna skje med grunnlag i kommunedelplanen. Sidan området vert frigjeve og det er eit begrensa areal, er det ikkje aktuelt å stilla krav om bevaring av deler av innmarka. For desse to tiltaka, jf. kap. 8.3, pkt. 1.

2. For område med middels negativ konsekvens, kan det vera behov for avbøtande tiltak. For bustadutbygging på Kvalen bør konsekvensen dempast ved at det i plankravet for området vert lagt inn føringar om at det mest eksponerte arealet i kulturlandskapet ikkje skal byggjast ut. Jf. kap. 8.3, pkt. 2.

3. For område der det er middels eller store negative konsekvensar for ein eller fleire utgreiingstema, bør det i større grad vurderast avbøtande tiltak, både i form av omfang og evt. alternativ lokalisering. For tiltak i Breivika sør og tiltak fleirbrukshall, jf. kap. 8.3, pkt. 3. Det vert elles vist til tilrådingane under kap.9.3 og 9.5 nedanfor.

9.2 Vegløyising Fv 561 over Rongøy

Med bakgrunn i best moglege tilhøve for gjennomgangstrafikken og ønskje om færre kryss på hovudvegen, vert følgjande alternativ tilrådd som løysing i kommunedelplanen for Fv 561 over Rongøy: Alternativ 2.

9.3 Naust og småbåtanlegg Breivika

For naust og småbåtanlegg i Breivika er det utgreia to alternative lokaliseringar, og følgjande alternativ vert tilrådd som løysing i kommunedelplanen, sidan dette er vurdert til å vera det beste samla sett i høve til biologisk mangfald og landskap: Breivika nord. Jf. kap. 7.1.1 og 7.1.2.

9.4 Gjestehamn Rong sentrum

Alternativ nord synest å koma meir positivt ut i høve til lokalisering av gjestehamn enn alternativ sør, ut frå landskapsmessige tilhøve og adkomst frå land. Vind- og straumtilhøve, botn- og djupnetilhøve, adkomst frå sjø og påverknad på badeplassen bør vurderast vidare i områdeplanen. Med bakgrunn i dette vert følgjande alternativ tilrådd i kommunedelplanen: Alternativ nord.

9.5 Fleirbrukshall Rong sentrum

Når det gjeld fleirbrukshallen, så bør det vurderast lokalisering som tek meir heilskapleg omsyn til landskapet og nærområdet, friluftslivet og interessene til barn og unge, dvs det vert tilrådd å: Vurdera alternativ lokalisering i områdeplan for Rong sentrum. Jf. kap. 7.1.2, 7.3.1 og 7.3.3.

